



Møteinnkalling

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	06.05.2025
Tid:	10:00

Bergen, 29.04.2025

Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

06.05.2025 kl. 10.00

Møtestad: Kvam rådhus, heradsstyresalen

Møteplan:

- | | |
|-------------------|---|
| Kl. 10.00 – 10.20 | Styreleiar og dagleg leiar i Kvammabadet presenterer årsmelding og årsrekneskap for 2024. |
| Kl. 10.20 – 11.30 | Rådmannen orienterer/presenterer om <ul style="list-style-type: none">• Årsmelding og årsrekneskap for Kvam herad for 2024• Status for kommunaløkonomisk berekraft |
| Kl. 11.30 – 12.00 | Lunsj |
| Kl. 12.00 – | Sakshandsaming |

Til møtet har Beate Gauden (MDG) meldt forfall, og Oddbjørn Vestbøstad (SV) blir kalla inn i staden.

Dersom nokon andre av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Stian Skår Ludvigsen, tlf. 413 22 734 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til andre varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at andre varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Stian Skår Ludvigsen frå sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og Eli Merete Velle frå sekretariat for kontrollutvalet i Bergen kommune stiller som sekretærer i møtet.

Trygve Vik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.02.2025	2023/427	
	Politiske saker		
PS 7/25	Årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kvammabadet KF - Uttale frå kontrollutvalet	2023/430	
PS 8/25	Årsrekneskap og årsmelding for Kvam herad 2024 - Uttale frå kontrollutvalet	2023/430	
PS 9/25	Rådmannen orienterer om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad	2023/430	
PS 10/25	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad	2024/62	
PS 11/25	Oppmoding om undersøking - budsjettvedtak VTA-plassar	2025/16	
PS 12/25	Forvaltningsrevisjon innan barnevern - status i arbeidet ved Deloitte	2024/91	
PS 13/25	Laupande risiko- og vesentlegvurdering og bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/398	
PS 14/25	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 15/25	Eventuelt	2023/429	
	Referatsaker		
RS 2/25	Referatsaker til møte 06.05.2025	2023/423	

GK 3/25 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/427-28
Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	4/25	06.05.2025

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.02.2025

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.2025 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll kontrollutvalet i Kvam herad 180225.pdf



Møteprotokoll

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	18.02.2025
Tid:	10:00 - 14:30

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Vik	Leiar	SP
Borghild Storaas Ones	Nestleiar	AP
Bjarte Helland	Medlem	INP
Jan-Ove Fredheim	Medlem	FRP
Beate Gauden	Medlem	MDG

Andre som møtte:

Namn	Funksjon	Saker
Anita Hesthammer	Rådmann	Alle
Espen Stokke	Forvaltningsrevisor, Deloitte	Alle
Stian Skår Ludvigsen	Seniorrådgjevar, SEKO VLFK	Alle
Jacob Edeko Davila Andreassen	Studentpraktikant, SEKO VLFK	Alle

Trygve Vik
utvalsleiar

Stian Skår Ludvigsen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 03.12.2024	2023/427	
	Referatsaker		
RS 1/25	Referatsaker til møte 18.02.2025	2023/423	
	Politiske saker		
PS 1/25	Oppmoding om undersøking - budsjettvedtak VTA-plassar	2024/47	
PS 2/25	Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2024	2024/25	
PS 3/25	Forvaltningsrevisjon innan barnevern - status i arbeidet ved Deloitte	2024/91	
PS 4/25	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 5/25	Laupande risiko- og vesentlegvurdering	2023/398	
PS 6/25	Eventuelt	2023/429	

GK 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling i møte

Sekretariatet gjorde merksam om at referatsaker var lagt til først i møtet. Det var med hensikt, for at kontrollutvalet skulle vere orientert om referatsakene før det kjem til den laupande risiko- og vesentlegvurderinga i sak PS 5/25.

Sekretariatet orienterte om at advokaten som Hardanger AKS har brukt til dialogen med kontrollutvalet er kontrollutvalsleiar i Vestland fylkeskommune, og har fullmakt frå kontrollutvalet til å ivareta arbeidsgjevaransvaret for kontrollsjefen. Saka hadde vokst på seg utover ei enkel framlegging av referatsak, med eige saksframlegg. Sekretariatet meldte seg inhabil til å leggje fram sak PS 1/25, og rådde kontrollutvalet om å ikkje handsame saka men sende ho i retur og gi utvalsleiar fullmakt til å godkjenne settesekretariat.

Sekretariatet viste til tidlegare eigenhabilitetsvurdering i forvaltningsrevisjonen om barnevernet og opplyste om at det ikkje er kalla inn vara til sak PS 3/25.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

GK 2/25 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 03.12.2024

Behandling i møte

Det var ingen merknader til protokollen.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2024 vert godkjent.

RS 1/25 Referatsaker til møte 18.02.2025

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om at det ligg vedlagd budsjett med budsjettpostar slik det er oversendt frå politisk sekretariat.

Ved rådmannen sitt framlegg til budsjett, var det kome inn ekstra kr. 39407 på konto 10801 (løn til utvalsleiar i % av ordførar) og kr 17903 på konto 10990 (arbeidsgjevaravgift). Løn utvalsleiar var teken høgde for i sekretariatet sitt opprinnelege budsjettforslag, men administrasjonen har ikkje hatt dialog med sekretariatet rundt dette.

Sekretariatet viste òg til at det ikkje kunne sjå at kontrollutvalet sitt budsjettvedtak hadde fulgt rådmannen sitt budsjettframlegg for heradsstyret, og at det har hatt dialog med rådmannen om dette tidlegare år. Rådmannen var til stades under handsaminga og stadfesta sekretariatet si oppfatning.

Av andre innkomne referatsaker er det ein del til orientering knytt til tilsyn, samt nytt frå FKT, der sekretariatet i saksframlegget hadde gjort merksam på at påmeldingsfristen er 10.04.25.

I tillegg er det i saksframlegget orientert om at utvalsleiar har motteke e-postar i sak om personlege forhold. Kontrollutvalet ønska å få lagt fram desse epostane, og kontrollutvalet bestemte samrøystes å lukke møtet under handsaminga av denne saka, etter kommunelova § 11-5, andre ledd andre punktum, jf. tredje ledd bokstav a. Sekretariatet rådde kontrollutvalet om å la rådmannen vere til stades i det lukka møtet. Studentpraktikant i sekretariatet har signert erklæring om teieplikt, og var til stades.

Utvalsleiar orienterte kort om kva saka gjeld, og spurte om nokon er inhabile. Utvalsmedlemmer hadde diskusjon om sitt engasjement i saka, men vurderte seg ikkje som inhabile.

Etter at møtet vart lukka, blei korrespondansen vist på skjerm for utvalet.

Kontrollutvalet vart samde om å ta informasjonen til orientering og ta den med seg til vidare arbeid med laupande risiko- og vesentlegvurdering (sak PS 5/25).

Møtet vart opna.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsakene vert teken til orientering

PS 1/25 Oppmoding om undersøking - budsjettvedtak VTA-plassar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek til orientering saksframlegget og vedlegga i saka.
2. Kontrollutvalet går ikkje inn i einskilde forhold ved saksførebuinga til rådmannens budsjettforslag til heradsstyret, men viser til plan for forvaltningsrevisjon, og noterer seg saka som mogleg case i eventuell framtidig forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging.
3. Kontrollutvalet registrerer at usemje mellom Hardanger AKS og Kvam herad om budsjettvedtak vert formidla via advokat, viser til plan for eigarskapskontroll, og noterer seg dette som mogleg case i eventuell framtidig eigarskapskontroll.
4. Kontrollutvalet ber ordførar og rådmann om å halde utvalet orientert via sekretariatet om eventuell vidare korrespondanse, møte og avklaringar i saka mellom Kvam herad og Hardanger AKS AS.

Behandling i møte

Utvalsleiar viste til sekretariatet si habilitetsvurdering og gjorde framlegg om at saka vert sendt tilbake til sekretariatet, og at det blir oppnemnt eit settesekretariat i saka. Utvalsleiar ba om fullmakt frå kontrollutvalet til å godkjenne settesekretariatet.

Kontrollutvalet vart samde om felles forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet sender sak PS 1/25 om VTA-plassar tilbake for ny saksførebuing.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet finne eit settesekretariat for saka. Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne settesekretariatet.
3. Settesekretariatet vert bede om å vurdere habiliteten til sekretariat for kontrollutvalet i saka, og eventuelt ta over oppgåva med å leggje fram og følgje saka for kontrollutvalet.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Vedtak

1. Kontrollutvalet sender sak PS 1/25 om VTA-plassar tilbake for ny saksførebuing.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet finne eit settesekretariat for saka. Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne settesekretariatet.
3. Settesekretariatet vert bede om å vurdere habiliteten til sekretariat for kontrollutvalet i saka, og eventuelt ta over oppgåva med å leggje fram og følgje saka for kontrollutvalet.

PS 2/25 Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2024

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om framlegget til årsmelding.

Kontrollutvalet ba om å få inn følgjande tillegg under avsnitt 9 Forum for Kontroll og Tilsyn:

"FKT arrangerte kontrollutvalsleiaraskolen del II 05. - 06.02.2024 på Gardermoen. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet i Kvam herad deltok."

Vedtak i saka var samrøystes.

Innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet i Kvam herad.

PS 3/25 Forvaltningsrevisjon innan barnevern - status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Behandling i møte

Bjarte Helland (INP) trådte frå møtet under handsaminga av denne saka.

Forvaltningsrevisor, Espen Stokke, orienterte om følgjande:

- Som tidlegare opplyst til kontrollutvalet er dokumentgjennomgang og ein del av stikkprøvane gjennomført før jul.
- Rapport sendast til høyring og verifisering hos heradet før sumaren.
- Hovuddelen av rapporten er klar.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 4/25 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Behandling i møte

MPB: Ikkje merka seg saker av interesse for kontrollutvalet.

Formannskapet: Ingen saker av interesse for kontrollutvalet.

Heradsstyret

- 12.12.24: ingen saker av interesse for kontrollutvalet

- 7.2.25: Årsmelding for mobbeombodet lagt fram for heradsstyret. Rådmannen opplyste om at tilstandsrapport for Kvam kjem til junimøtet.

I oppfølging av protokoll frå heradsstyret hadde Bjarte Helland (INP) spørsmål om det kan vere aktuelt for kontrollutvalet å sjå på sak om tilbakeføring av kommunal veg. Utvalet diskuterte dette og det vart ikkje fremma noko forslag til vedtak.

I oppfølging av protokoll frå heradsstyret hadde Bjarte Helland (INP) spørsmål om det er mogleg å få svar på skriftlege spørsmål før heradsstyremøtet. Rådmannen viste til at det er opp til heradsstyret å fastsette reglementet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 5/25 Laupande risiko- og vesentlegvurdering

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka og utvalet diskuterte ho. Utvalet var sams i at det ønska saka opp på nytt. Fleire peikte på at dei måtte vurdere kontroll- og tilsynsbelastninga på administrasjonen.

Rådmannen orienterte om eige utfordringsbilete. Ho tok atterhald om at ho ikkje hadde førebudd noko orientering, men med det atterhaldet trakk ho særskilt fram prosjektet "Vedtakspraksis i forvaltningseininga". Ho viste òg til ressursituasjonen knytt til bemanning og sjukefråvær.

Det vart fremma følgjande forslag til vedtak:

"Kontrollutvalet ber sekretariatet om å få saka opp på nytt i neste kontrollutvalsmøte".

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet om å få saka opp på nytt i neste kontrollutvalsmøte.

PS 6/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Behandling i møte

Før møtet heldt forvaltningsrevisor frå Deloitte, Espen Stokke, kurs innan arkivering, journalføring og offentlegheit. Til stades under kurset var leiar og tilsette i fellessekretariatet.

Sekretariatet orienterte om at seniorrådgjevar Stian Skår Ludvigsen går over i ny stilling i fylkeskommunen 1. juni 2025, og at utlysing av stilling truleg ville skje denne veka.

Beate Gauden (MDG) varsla om at hennar jobbkalender kolliderer med utvalet sin møtekalender, og varsla at ho ville diskutere situasjonen med gruppeleiar.

Det vart ikkje fremma forslag til vedtak.

Ingen vedtak fatta i saka.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/430-36

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	7/25	06.05.2025

Årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kvammabadet KF - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet gir følgjande uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kvammabadet KF:
 - i) Kontrollutvalet registrerer at Kvammabadet KF hadde eit netto driftsresultat på kr. 1 i 2024.
 - ii) Kontrollutvalet støttar seg på Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF i 2024 og har ikkje andre merknader til denne.
2. Uttalen vert å sende heradsstyret via formannskapet.
3. Kontrollutvalet ber om å få kopi av Kvammabadet KF si stadfesting til revisor om retting av dei forhold revisor peiker på i nummerert brev nr. 1, og ber styreleiar og dagleg leiar av Kvammabadet KF om å møte i kontrollutvalet sitt møte 02.12.2025 for å orientere om føretaket sitt svar til revisor.
4. Dersom Kvammabadet KF ikkje har svart revisor innan 11.11.2025 om dei forhold peikt på i nummerert brev nr. 1, ber kontrollutvalet føretaket om å sende ei skriftleg orientering til kontrollutvalet om kva som gjerast for å få forholda i rette. Orienteringa sendast sekretariatet innan same frist.

Samandrag

Føremålet med saka er at kontrollutvalet gjev sin uttale om årsrekneskapen for Kvammabadet KF 2024. Uttalen følgjer saka til heradsstyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Melding frå uavhengig revisor 2024 Kvam Kvammabadet KF.pdf
- 2 Revisjonsrapport 2024 rapp.nr.1 Kvam Kvammabadet KF.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal i møte 06.05.2025, behandle utvalet sin uttale til Kvammbadet KF sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.

Styreleiar, dagleg leiar og ansvarleg revisor er ønskt til stades i møtet for å presentera årsrekneskapen og svara på spørsmål.

Føremålet med uttalen er at heradsstyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14- 6 b)

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til heradsstyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap for 2024 motteke 31.03.2025
- Årsmelding 2024, motteke 31.03.2025
- Revisjonsmelding, dagsett 10.04.2025, vedlegg 1
- Revisjonsrapport 2024 (nummerert brev nr. 1), dagsett 10.04.2025, vedlegg 2

Årsrekneskapen og årsmeldinga kan lesast på denne lenkja: [framsikt.no](https://www.kvam.no/f/p1/ib1406baf-3898-4f8e-8b60-3a247c961384/Kvammbadet%20KF%20-%20%C3%85rsmelding%20og%20rekneskap%202024.pdf)¹

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Føretaket sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding (vedlegg 1). Her er medteke eit netto driftsresultat på kr. 1 i 2024.

Revisor skriv vidare dette i sin konklusjon:

«Etter vår mening:

- *oppfyller årsrekneskap gjeldande lovkrav og,*
- *gir i det alt vesentleg årsrekneskapen ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»*

Vidare har Deloitte konkludert slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 14-7, b):

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Revisjonsrapport 2024 (revisjonsrapport nr. 1) frå Deloitte AS:

Føretaket sin revisor, Deloitte AS, har i tillegg sendt ein revisjonsrapport etter avslutta revisjon av rekneskapen for 2024, som omhandlar tilhøve som revisor meiner bør vere av interesse for leiinga i heradet (vedlegg 2). Her tek revisor opp spørsmål om finansieringa for bruk av symjehall.

Revisor skriv følgjande:

«For det tilfelle at KF-seksjonen blir leigd ut til Hardangerbadet AS, som ein fortenestebasert aktør, kan bruken av KF-seksjonen vere delvis i strid med tildelingsbestemmelsane for spelemidlar, noko som kan utløyse delvis

¹ <https://www.kvam.no/f/p1/ib1406baf-3898-4f8e-8b60-3a247c961384/Kvammbadet%20KF%20-%20%C3%85rsmelding%20og%20rekneskap%202024.pdf>

tilbakeføringsplikt for tildelte spelemidler.

For det tilfelle at KF-seksjonen ikkje blir leigd ut/det ikkje kan dokumenterast at det er inngått bindande leigekontrakt med Hardangerbadet AS, men berre blir drifta av Hardangerbadet AS for Kvam herad, slik at bruken av KF-seksjonen ikkje er i strid med tildelingsbestemmelsane for spelemidler, vil det derimot ikkje føreligge avgiftspliktig utleige av KF-seksjonen til Hardangerbadet AS i henhold til lov om meirverdiavgift.

Dette inneber at det ikkje vil føreligge frådragsrett for meirverdiavgift på kostnader til opparbeiding og drift av KF-seksjonen, noko som kan utløyse tilbakeføringsplikt for tidlegare frådragsført meirverdiavgift.

For det tilfelle at Kvam herad driv økonomisk aktivitet i KF-seksjonen, og denne aktiviteten kan vere i konkurranse med verksemdar som ikkje er kompensasjonsberettiga, kan tilgangen til meirverdiavgiftskompensasjon vere avskoren, noko som kan utløyse tilbakeføringsplikt for tidlegare kompensert meirverdiavgift».

Revisor «ber om at ovanståande påpeikingar blir svara ut innan utgangen av 2025».

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3, tredje ledd, «påse at regnskapsrevisorens påpekningar etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekningene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget».

Kontrollutvalet må derfor gjere vedtak om slik oppfølging. Sekretariatet føreslår at slikt vedtak kan gjerast i denne saka saman med uttalen til årsrekneskap og årsmelding, ettersom heradsstyret skal ha rapport frå kontrollutvalet dersom revisor sine påpeikingar ikkje blir svara ut.

Konklusjon

Kontrollutvalet bør vedta uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kvammabadet KF som står seg på uavhengig revisor sin uttale. Uttalen skal gå til heradsstyret via formannskapet. Vidare bør kontrollutvalet gjere vedtak om oppfølging av nummerert brev nr. 1. Sekretariatet føreslår at kontrollutvalet ber om å få orientering om Kvammabadet sitt svar til revisor i siste møte i 2025.

Kontrollutvalet sin uttale, revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten er tre sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til heradsstyret.

Til heradsstyret i Kvam herad

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Kvam Kvammabadet KF, som viser eit netto driftsresultat på kr 1. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav og,
- gir i det alt vesentlege årsrekneskapen ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av føretaket, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Leiinga er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen
- og inneheld dei opplysningane som skal givast i henhold til gjeldande lovkrav.

Vi viser elles til avsnittet «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Styret og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelova sine reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av leiinga, er rimelege.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggssopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Kvam Kvammabadet KF si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal styret forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei utsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 10. april 2025
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Kopi:
Kontrollutvalet
Rådmannen
Styret

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2025-04-10 17:05:45 UTC



Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

Kvam Kvammabadet KF
Att.: Styreleder Tom Rasmussen
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 1 (journalførst)

10. april 2025

REVISJONSRAPPORT 2024

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2024. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i heradet.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding. I tillegg har vi kontrollert heradet si kontrolloppstilling til lønsoppgåvene.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer derfor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner heradet si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i heradet som er ansvarleg for å etablere og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-4 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 16 - 18.

Finansiering for bruk av symjehall

Viser til oppdrag med Deloitte Advokatfirma AS.

For det tilfelle at KF-seksjonen blir leigd ut til Hardangerbadet AS, som ein fortanestebasert aktør, kan bruken av KF-seksjonen vere delvis i strid med tildelingsbestemmelsane for spelemidlar, noko som kan utløyse delvis tilbakeføringsplikt for tildelte spelemidlar.

For det tilfelle at KF-seksjonen ikkje blir leigd ut/det ikkje kan dokumenterast at det er inngått bindande leigekontrakt med Hardangerbadet AS, men berre blir drifta av Hardangerbadet AS for Kvam herad, slik at bruken av KF-seksjonen ikkje er i strid med tildelingsbestemmelsane for spelemidlar, vil det derimot ikkje føreligge avgiftspliktig utleige av KF-seksjonen til Hardangerbadet AS i henhald til lov om meirverdiavgift. Dette inneber at det ikkje vil føreligge frådragsrett for meirverdiavgift på kostnader til opparbeiding og drift av KF-seksjonen, noko som kan utløyse tilbakeføringsplikt for tidlegare frådragsført meirverdiavgift.

For det tilfelle at Kvam herad driv økonomisk aktivitet i KF-seksjonen, og denne aktiviteten kan vere i konkurranse med verksemdar som ikkje er kompensasjonsberettigta, kan tilgangen til meirverdiavgiftskompensasjon vere avskoren, noko som kan utløyse tilbakeføringsplikt for tidlegare kompensert meirverdiavgift.

Ber om at ovanstående påpeikinger blir svaret ut innen utgangen av 2025.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådte tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Kopi: Kontrollutvalet

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2025-04-10 17:02:35 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: EQMGS-JTDF-QF45U-CX1GV-NTX2U-G0766

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/430-37

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	8/25	06.05.2025

Årsrekneskap og årsmelding for Kvam herad 2024 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 18 for 2024 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen gir ei skriftleg orientering om kva som er/vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten, og kva konsekvensar rådmannen vurderer slik oppfølging vil ha, samt kjem i møte 30.09.2025 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.
3. Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 09.09.2025.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2024 for Kvam herad. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Årsrekneskap og årsmelding for Kvam herad 2024 - Uttale frå kontrollutvalet
- 2 Revisjonsberetning 2024 Kvam herad.pdf
- 3 Revisjonsrapport 2024 rapp.nr.18 Kvam herad.pdf
- 4 Revisors attestasjonsuttale om avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga Kvam herad.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 06.05.2025, behandla utvalet sin uttale til Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er heradsstyret sitt ansvar å forvalte heradet sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare heradsstyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Heradsstyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at heradsstyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til heradsstyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Årsrekneskap og årsmelding frå rådmann, publisert i Framsikt 31.03.2025
- Revisjonsmelding, dagsett 10.04.2025, vedlegg 2
- Revisjonsrapport 2024 frå revisor nr. 18, datert 12.04.2024, vedlegg 3
- Revisors attestasjonsuttale om etterleving for økonomiforvaltninga, vedlegg 4
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimisrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til heradet

I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskap og årsmelding for 2024 er å finne på denne lenkja: [Framsikt](https://pub.framsikt.net/2024/kvam/mr-202412-am#/)¹

Denne lenkja vart motteke frå Kvam herad 31.03.2025. Det er versjonen per denne datoen

¹ <https://pub.framsikt.net/2024/kvam/mr-202412-am#/>

som ligg til grunn for denne saka og Deloitte sin uttale.²

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Heradet sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 2. Her er medteke at netto driftsresultat er -88.590.073 kr. i kommunekassen og -88.590.072 kr. i i konsolidert årsrekneskap.

Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

«Etter vår mening:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kvam herad som økonomisk eining per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg».

Vidare har Deloitte konkludert slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 14-7, b):

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Nummerert brev nr. 18 for rekneskapsåret 2024 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 18 for rekneskapsåret 2024 frå Deloitte AS til heradet, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapssaka i kontrollutvalet, vedlegg 3. Revisor har gjennomført dei revisjonshandlingane dei har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje deira revisjonsmelding. I tillegg har dei kontrollert heradet si kontrolloppstilling til lønsoppgåvene.

Revisor har ikkje avdekket tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen:

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

«Det er i 2024 utført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga knytt til Kvam opptak av lån og bruk av lån. Kontrollen har ikkje avdekket indikasjonar på at det finnas avvik.

Revisjon av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisera balansepostane per 31.12.2024. Revisor har òg lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har revisor kontrollert større inntekstpostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Revisor har òg utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivingar. Revisor har gjennom sine revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Revisor kommenterer likevel enkelte tilhøve nedanfor:

«Notehenvising

Ved gjennomgang av årsmeldinga publisert på Framsikt, merka vi oss at obligasjonar i balansen manglar henvising til note 7. Tilhøvet får ikkje konsekvens for revisjonsmeldinga.

Realismekravet i kommunelova og budsjettjusteringar

Ved revisjon av avslutninga av rekneskapen går det fram at det ikkje er gjort tilstrekkelege budsjettjusteringar, jamfør kommunelova § 14-5, 2. ledd. Revisjonen vil særleg påpeika manglande

² Dato for siste versjon i Framsikt visast ved å trykke på «Meny» oppe til høgre på sida. Ved ferdigstilling av denne saka viste siste versjon dato 03.04.25. Rådmannen må evt. gjere greie for kva endringar som er gjort i møte.

justering av budsjett for bruk av bundne fond, samt generelt for investeringsbudsjettet.

Rådmannen si innleiing til årsmeldinga

I rådmannen si innleiing til årsmeldinga står mellom anna:

«I samband med budsjettarbeidet hausten 2023 tilsa prognosane at me på få år var i ferd med å gå frå det historisk beste resultatet i 2022 til det historisk dårlegaste resultatet i 2024. Dessverre slo prognosane til, og me måtte bruka 88 millionar kroner av oppsparte fondsmidlar til å finansiera årsresultatet.

Rådmannen fekk fullmakt til å gå i gang med eit innsparringsprogram med mål om å forbetra driftsresultatet med minst 50 mill.kr. årleg innan utgangen av økonomiplanperioden. Dei fyrste tiltaka var klare alt til 1. tertial 2024, og innsparringsprogrammet heldt fram som grunnlag til budsjettframlegget for 2025.

Gjennom året fekk me nye økonomiske utfordringar, og det vart klart at 50 mill.kr. på langt nær vil vera nok til å få økonomien i balanse, eller å til å gje rom for nye, store investeringar som står på ynskjelista.

...

Om me ikkje gjer større grep i løpet av 2025, er det ikkje lenge før me står på ROBEK-lista og må spørja Statsforvaltaren om lov, og ikkje sparegriske våre. For tida brukar me vesentleg meir pengar på tenestene våre, enn me har råd til. Det samla nivået på tenestetilbodet er for høgt og ikkje berekraftig, og det er eit gap mellom forventningar til kva kommunen skal levera, og tilgjengeleg ressursar».

Årsmeldinga sitt kapittel om føresetnader og premisser:

I årsmeldinga sitt kapittel om føresetnader og premisser står mellom anna:

«Avvik i forhold til føresetnader

Det har vore ein del endringar i budsjetttrammene i løpet av året. Avviket er kommentert i tertialrapportane og i ulike deler av denne årsmeldinga. Av større forhold kan me trekka fram; store svingingar i kraftprisane, auke i renter, tariffoppgjer over budsjett, auka pensjonsutgifter, tidsforskyvingar og prisvekst som ikkje tidlegare har vore kompensert i budsjetta».

Sekretariatet sine kommentarar til årsrekneskapen og årsmeldinga

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til heradsstyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Rådmann har lagt fram ei årsmelding som gjev ei god skildring av drifta av heradet i 2024.

Sekretariatet har følgjande kommentarar til revisors merknader i nummerert brev nr. 18:

Notehenvising

Sekretariatet oppfattar at dette er redaksjonelt, og ikkje noko det er behov for å følgje rettinga av.

Budsjettjusteringar

Kva gjeld realismekravet i kommunelova og manglande budsjettjusteringar, hadde revisor og kontrollutvalet merknader til dette også ved revisjonen av årsrekneskapen for 2022 (nummerert brev nr. 15) og 2023 (nummerert brev nr. 17).

For 2024 viser rekneskapen ei avsetning til bundne driftsfond på MNOK 14,4, mot eit revidert budsjett på MNOK 7,5 (økonomisk oversikt drift etter § 5-6), og ein rekneskap på investeringar i varige driftsmidlar på MNOK 118,5, mot eit revidert budsjett på MNOK 219 (løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd).

Sekretariatet viser til overordna krav i kommunelova § 14-1, 1. ledd: «Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivarettatt over tid», og til 2. ledd: «Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnede og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling».

Første ledd er ei såkalla «generalbestemming», som departementet i lovproposisjonen til kommunelova peiker på «åpner for et vidt skjønn frå kommunenes side», og «er heller ikke ment å

legge ytterligere rettslige begrensninger på kommunenes frihet til å disponere kommunens ressurser, i tillegg til de begrensningene på kommunenes økonomiforvaltning som ellers følger av økonomibestemmelsene i kommuneloven» (Prop. 46 L, 2017-2018, s. 184).

Frå kommunelovutvalet var intensjonen med dei overordna krava å «[løfte] idealet om en langsiktig økonomiforvaltning sterkere fram i loven, og [markere] kommunenes eget ansvar for dette» (Prop. 46 L, 2017-2018, s. 183). Samtidig må det «være opp til den enkelte kommunen å avgjøre ut fra lokale forhold og utfordringer hvordan økonomiforvaltningen skal innrettes for å ivareta langsiktige hensyn, innenfor de kravene som loven for øvrig stiller til økonomiforvaltningen» (Prop. 46 L, 2017-2018, s. 183).

Rådmann viser i årsmeldinga til at heradet gjennom året fekk nye økonomiske utfordringar, men har i følgje revisjonsmeldinga (jf. vedlegg 2) gitt «dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik».

I kroner, er dei største avvika i investeringsrekneskapen innan vatn og avlaup, avfall og renovasjon (ei rekkje mindre oppgraderingar og prosjekt som i sum blir store); samferdsel (spesielt rassikring og eit vegkryss); pleie og omsorg (særskilt innføring av velferdsteknologi og byggtekniske oppgraderingar); og bustad (spesielt posten Bustader 2024), sjå løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd, tabell 1.

I investeringskapittelet til årsmeldinga er det vist til at investeringsbudsjettet er eittårig:

«Del føl av kommunelova at investeringsbudsjettet er eittårig, dvs at bevilningane er årsavhengige.

Det vil sei at i alle obligatoriske tabellar i årsrekneskapen viser kun avvik mellom budsjett og rekneskap for inneverande år. Avvik inneverande år betyr ikkje nødvendigvis avvik mot den totale projektramma som går over fleire år».

Det er vanskeleg å vurdere om dei manglande budsjettjusteringane likevel har konsekvensar «for lokalsamfunnets ... utvikling» (kom.l. § 14-1, 2. ledd). I så fall er slike vurderingar i større grad politiske skjønsspørsmål, og ikkje spørsmål som revisor eller kontrollutvalet kan svare på.

Manglande budsjettjusteringar kan vere eit uttrykk for det heradet skriv i avsnittet frå investeringskapittelet over, men det er samstundes eit uttrykk for at framdrifta i prosjekta ikkje følgjer den årvisse budsjetteringa. Kontrollutvalet har dei siste åra motteke årlege orienteringar frå rådmannen om kommunaløkonomisk berekraft på bakgrunn av vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp, mv (sjå kommunaløkonomisk berekraft på side 6). Vi har notert oss at det også i investeringsrekneskapen er store avvik på desse felte. Det kan vere interessant å få fram kva konsekvensar investeringsetterslepet får for vedlikehaldsetterslepet.

Sekretariatet vil difor også i år tilrå at kontrollutvalet i sin uttale til årsrekneskapen tek med dei manglande budsjettjusteringane, og med dette oppfordrar heradsstyret til å diskutere eventuelle konsekvensar for politiske prioriteringar av desse.

Ifølgje forskrift om kontrollutvalg og revisjon, § 3, tredje ledd, skal kontrollutvalet «påse at regnskapsrevisorens påpekningar etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet og fulgt opp. Hvis påpekningene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget».

Sekretariatet registrerer at det er likelydande påpeikingar i nummerert brev nr. 15 for 2022, nr. 17 for 2023 og nr. 18 for 2024 kva gjeld realisme kravet i kommunelova og manglande budsjettjusteringar, og kan med det konstatere at revisor sine påpeikingar i nummererte brev nr. 15 og 17 ikkje har blitt følgt opp i tilstrekkeleg grad til å unngå liknande påpeiking i nummerert brev nr. 18. Heradsstyret skal derfor ha rapport om dette, noko som kan gjerast gjennom uttalen frå kontrollutvalet.

Sekretariatet vil likevel minne om at det i tidlegare nummererte brev (nr. 14 for 2021 og nr. 15 for 2022) var vesentleg fleire påpeikningar frå revisor enn det er i nummerert brev nr. 18. Sekretariatet er derfor av den oppfatning at rådmannen og administrasjonen har jobba godt over tid for å betre kvaliteten på årsrekneskapen.

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»

Sekretariatet er av den oppfatning at disse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2024.

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i heradet byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå heradet.

- Det er ikkje avdekka vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen, verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet. Revisor peikar likevel på eit par forhold i sin revisjonsrapport 2024 som kan og bør forbeistrast, vedlegg 3.
- Revisor har stadfesta i revisjonsmeldinga at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga.
- Det er ikkje meldt om misleghald til kontrollutvalet i 2024.

Vidare står det dette i kommunlova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Kvam herad har løyst dette ved å rapportere om internkontroll, herunder omtale av tilsyn, som ein del av årsmeldinga. Heradet rapporterer om større tilsyn i årsmeldinga, og om at kontrollutvalet har bede om dokumentasjon og orienteringar for statlege tilsyn til sine møter.

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Kvam herad har ei eiga vurdering av økonomisk berekraft i kapittel om finans og økonomisk berekraft i årsmeldinga. Rådmannen orienterte kontrollutvalet sist om status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft i møte i mai 2024. Blant grunnlaget for denne orienteringa var status på vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv.


Sekretariatet for kontrollutvalet har også nokre merknader til heradet si økonomiske handleevne:

Driftsresultat

Av rekneskapen for 2024 har sekretariatet merka seg eit netto negativt driftsresultat med kr -88.590.073 som utgjør eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på -7,9 %. Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar frå KOSTRA per 18.03.2025 på netto resultatgrad på -0,2 % i 2024. Av alle landets kommunar med innrapporterte tal til KOSTRA, var det berre fire kommunar som hadde større underskot i prosent enn Kvam.

Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Kvam herad har netto resultatgrad vore slik dei siste fem åra: 2020: 1,27 %, 2021: 7,16 %, 2022: 7,44 %, 2023: 0,75 %, og 2024: -7,9 %. Også i økonomiplanperioden er det venta store (men ikkje like store) underskot: 2025: -4,4 %, 2026: -2,2 %, 2027: -2,4 % og 2028: -1,3 % (sjå graf frå årsmeldinga nedanfor). I snitt for dei siste fem åra har resultatgraden vore på nøyaktig 1,75 %. Som vi ser av desse tala har heradet eit resultat som i 2024 er sterkt negativt, og på inga måte berekraftig over tid.



Figur 1: Netto driftsresultat i % av driftsinntekter, 2020-2028

Kjelde: Årsmelding Kvam herad 2024, kapittel om finans og økonomisk berekraft

Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien. Heradet hadde tidlegare eige mål på korrigert netto driftsresultat på minimum 1 % (kapittel om finans og økonomisk berekraft i årsmeldinga i 2023). I 2024 er det ikkje vedteke eige måltal.

Disposisjonsfond

Ved inngangen til 2024 var disposisjonsfondet på kr. 257.658.567, og 23,2 % av driftsinntektene. I 2024 vart det netto brukt kr. 88.590.072 av disposisjonsfondet, slik at det ved utgangen av 2024 stod kr 186.473.182 på disposisjonsfondet (16,6 % av driftsinntektene). Den so kalla Rana-modellen som heradet viser til i si årsmelding, tilrår at disposisjonsfondet er på 8 % av driftsinntektene.

Eit stort disposisjonsfond gir heradet handlingsrom i ei krevjande tid, men med det som står att på disposisjonsfondet, ville det ikkje vore dekning for negativt driftsresultat i 2027 og 2028 dersom den førre økonomiplanen for 2024-2027³ skulle følgjast. I inneverande økonomiplan⁴ er det gjort større grep, og ved utgangen av 2028 vil det stå om lag 67,5 mill. kr. att på disposisjonsfondet, alt anna like. Dette svarer til 6 % av driftsinntektene i 2024.

På grunn av usikkerheit med sterk variasjon i inntekter frå kraft og havbruksfond, er det krevjande for heradet å ha trygge prognosar i økonomiplanen. Årsmeldinga til heradet illustrerer dette, med at netto driftsresultat i 2024 ville vore på -149,3 mill. kr. utan kraft- og havbruksinntekter.

Gjeld

Rana-modellen som heradet viser til tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i netto lånegjeld (definert som heradet sine totale gjeldsforpliktingar unnateke pensjonsforpliktingar, startlån, obligasjonsinvesteringar og ubrukte lånemidlar). Kvam herad har i 2024 ei netto lånegjeld tilsvarande 91 % av sum driftsinntekter, altså eit stykke over tilrådinga. Total lånegjeld utan vidareutlån, har heradsstyret gjennom økonomiplanen vedteke ikkje skal overstige 160 %. Denne var på 126 % i 2024. I økonomiplanperioden er maksimal lånegjeld forventa å nå 136 % i 2027.

³ https://pub.framsikt.net/2024/kvam/bm-2024-politisk_vedtak#/

⁴ https://pub.framsikt.net/2025/kvam/bm-2025-b2025_hst#/generic/summary/budsum/?scrollTo=BudSum-BudgetSummary

Heradet si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente- og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Den var i 2024 på 8,1 %, mot 5,8 %⁵ i 2023, 5,1 % i 2022 og 5,5 % i 2021. Det er av statsforvaltaren i Nordland tilrådd at dette talet ikkje bør vera over 5 % av driftsinntektene, men kommunen kan t.d. velje å betale inn over minimumsavdrag, og dermed auke kapitalutgiftene. I 2024 betalte kommunen berre marginalt meir i avdrag enn minimumsavdraget.

Oppsummering

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Revisjonsrapport nr. 18 for 2024 og manglande budsjettjusteringar
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

Forslag til uttale frå kontrollutvalet ligg ved som vedlegg 1.

Konklusjon

Kvam herad har i 2024 eit driftsresultat på -7,9 %. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 16,6 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Kvam herad høg lånegjeld og eit negativt driftsresultat for 2024 som er blant landets aller største underskot i prosent. Disposisjonsfondet ligg over tilrådingane, og gir heradet ei økonomisk handleevne til å stå i fleire år framover med driftsunderskot. Endringa i økonomiplanen frå 2024-2027 til 2025-2028, illustrerer likevel at rådmannen må ha sterk merksemd på økonomistyring og kommunaløkonomisk berekraft, og inntekter frå kraft og havbruk svingar kraftig. Sett opp mot lånegjelda er heradet også sårbart med tanke på den høge renta.

På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 18 for 2024 frå Deloitte AS meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be rådmannen gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten, og kva konsekvensar rådmannen vurderer slik oppfølging vil ha. I fall rådmannen ikkje kan svare på dette i møtet, har vi lagt inn eit vedtaksforslag om å få slik orientering skriftleg til neste møte, 30.09.2025.

Kontrollutvalet sin uttale skal følgje saka vidare via formannskapet til heradsstyret.

⁵ I 2023 var det MNOK 2,6 i renter som ikkje blei bokført, jf. revisjonsrapport. Med desse auka netto gjeldsbelastning (renter + avdrag – renteinntekter) frå 5,6 % til 5,8 %.



Til Kvam herad ved heradsstyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2024

Kontrollutvalet har 06.05.2025 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024 for Kvam herad som vart motteke frå rådmann 31.03.2025, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 10.04.2025.

Heradet har i 2024 eit negativt netto driftsresultat på kr 88.590.073. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen/årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2024 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere heradsstyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på -7,9 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75 %.
- Gjennomsnittleg netto driftsresultat for dei siste fem åra har vore på 1,75 %.
- Gjeldsgrad er berekna til 126 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75 %.
- Netto gjeldsbelastning er berekna til 8,1 % av driftsinntektene. Statsforvaltataren i Nordland tilrår at netto gjeldsbelastning ikkje overstig 5 %.
- Disposisjonsfond er berekna til 16,6 % av driftsinntektene. «Ranamodellen» tilrår minst 8 %.

Kontrollutvalet er uroa for høg lånegjeld, eit av dei største prosentvise negative driftsresultata i landet, og svingande inntekter. Kontrollutvalet tilrår rådmannen å ha sterk merksemd på økonomistyring og kommunaløkonomisk berekraft.

Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Kvam herad gjer dei forbetringar som kjem fram i revisjonsrapport nr. 18 for 2024 frå Deloitte. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar, og utført direkte kontroll av utvalde poster i rekneskapen.

Kontrollutvalet vil gjere Kvam herad spesielt merksam på eitt forhold:

- i) Revisor har i fleire år peikt på manglande budsjettjusteringar, også i 2024.

Ettersom rekneskapsrevisor sine påpeikingar ikkje i tilstrekkeleg grad har blitt retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere dette til heradsstyret. Kontrollutvalet registrerer at det er gjort mykje godt forbetningsarbeid med årsmeldinga dei siste åra, men vil oppmode heradsstyret om å be om ei orientering om kva rådmannen vil gjere for å følgje opp revisor sine siste tilrådingar, og kva konsekvensar rådmannen vurderer slik oppfølging vil ha.

Kontrollutvalet er nøgd med Kvam herad si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f, rapportering etter kommunelova § 25-2 om internkontroll, og rapportering etter kommunelova § 25-2 om resultatet frå gjennomførte tilsyn.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 10.04.2025 og revisjonsrapport nr. 18, datert 10.04.2024, har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvam herad sin årsrekneskap for 2024.

Kopi: Formannskapet

Til kommunestyret i Kvam herad

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Kvam herad, som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 88.590.073 i kommunekassen, og eit negativt netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr. 88.590.072. Årsrekneskapen er samansett av;

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2024, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2024, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, og notar.

Etter vår meining

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kvam herad som økonomisk eining per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga datert 31. mars 2025 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overens med årsrekneskapen.

Vi viser ellers til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskapseiningane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi har eineansvar for vår konklusjon om den konsoliderte årsrekneskapen.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i intern kontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Kvam herad si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 10. april 2025
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."


Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2025-04-10 08:20:18 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: JAK5-V1VX8-3WKE1-KTEHZ-EBAWL-BXVI®

Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

Kvam herad
Att.: Rådmann Anita Hesthamar
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 18 (journalførast)

10. april 2025

REVISJONSRAPPORT 2024

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2024. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i heradet.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding. I tillegg har vi kontrollert heradet si kontrolloppstilling til lønsoppgåvene.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer derfor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner heradet si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i heradet som er ansvarleg for å etablere og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-4 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 16 - 18.

Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekket tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Det er i 2024 utført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga knytt til Kvam opptak av lån og bruk av lån. Kontrollen har ikkje avdekket indikasjonar på at det finnas avvik.

Det vert elles vist til eigen uttale frå revisor.

Implikasjonar for revisjonen 2024

Konklusjonen frå forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga har ingen konsekvens for rekneskapen som vert avlagt for 2024 eller revisjonsmeldinga for 2024.

Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisera balansepostane per 31.12.2024. Vi har og lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntekstpostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlinger ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentera enkelte tilhøve nedanfor.

Notehenvisning

Ved gjennomgang av årsmeldinga publisert på Framsikt, merka vi oss at obligasjonar i balansen manglar henvisning til note 7. Tilhøvet får ikkje konsekvens for revisjonsmeldinga.

Realismekravet i kommunelova og budsjettjusteringar

Ved revisjon av avslutninga av rekneskapen går det fram at det ikkje er gjort tilstrekkelege budsjettjusteringar, jamfør kommunelova § 14-5, 2. ledd. Revisjonen vil særleg påpeika manglande justering av budsjett for bruk av bundne fond, samt generelt for investeringsbudsjettet.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er treng for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Kopi: Kontrollutvalet

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2025-04-10 06:48:45 UTC



Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

Til Kvam herad

UAVHENGIG REVISOR SIN ATTESTASJONSUTTALE OM ETTERLEVING AV AVGJERDER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTINGA

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samband med Kvam herad si etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på følgjande områder:

Kontroll av etterleving av kommunelova sine reglar om låneopptak og avdrag på lån, herunder om kommunen følgjer vilkår for opptak av lån og avdrag på lån, herunder at:

- Lånevedtaka for 2024 gir heimel for årets låneopptak
- Låneopptak er innanfor vedtekne lånerammer
- Årets rekneskapsførte og betalte avdrag er i samsvar med kommunelova § 14-18

Vi har kontrollert perioden frå 01.01.2024 til 31.12.2024,

Kriteria er henta frå:

- Kommunalova § 14-14 til § 14-18
- Lånevedtak frå Heradsstyret

Leiinga sitt ansvar for etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga

Rådmannen er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at økonomiforvaltinga vert utøvd i tråd med avgjerder og vedtak, og at økonomiforvaltinga er gjenstand for tryggjande kontroll.

Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirma som utfører revisjon og forenkla revisorkontroll av rekneskap samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tenester) har Deloitte AS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje ein uttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med kommunelova sine reglar og RSK 301 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for kor vidt det føreligg vesentlege feil eller manglar ved etterleving av avgjerder og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning på det området vi har føretatt forenkla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i høve RSK 301, inneber å utføra handlingar for å innhenta bevis for at avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerheit har klårt lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gjev derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis har vi ikkje blitt merksame på forhold som gir oss grunn til å tru at Kvam herad ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane i kommunelova § 14-14 til § 14-18 knytt til opptak av lån og avdrag på lån vedteke av Heradsstyret i Kvam.

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltinga og til Kvam herad sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis egna til andre føremål.

Bergen, 08. april 2025
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2025-04-24 11:41:40 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: T4J2U-K6CBA-AC4QU-WHG/C-38GWY-X6MIE

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/430-35

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	9/25	06.05.2025

Rådmannen orienterer om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i april/mai 2026, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.

Samandrag

Rådmannen er invitert til å orientere om heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft (KØB) etter kommunelova sin § 14-1 og § 14-2.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Økonomisk balanse KUV 070524.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021 vart det m.a. fokusert på kommunaløkonomisk berekraft (KØB). Det vert i den samanheng vist til kommunelova § 14-1 og § 14-2.

Sekretariatet sendte slik førespurnad til rådmann 01.11.21:

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggande krav til økonomiforvaltninga i kommunen. Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunaløkonomisk berekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk berekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) årsregnskapene og årsberetningene*
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Kontrollutvalet inviterer med dette rådmannen til møte 22.11.2021 for å orientere kva tiltak eller prosessar heradet gjennomfører for å ivareta den kommunaløkonomiske berekrafta iht KL § 14-1 og 14-2.

Orienteringa kan t.d. omfatte vedlikehaldsetterslep på veg og bygningar, gjeldsgrad mv. Denne orienteringa er tenkt som første stasjon i ei slik orientering og sekretariatet oppmoder utvalet til å kome med innspel til rådmann i vidare oppfølging.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Rådmannen har orientert kontrollutvalet om kommunaløkonomisk berekraft (KØB) ved fleire høve, seinast i møte 07.05.2024 der dette vart protokollert:

Behandling i møte

Rådmann Anita Hesthamar orienterte om status for kommunaløkonomisk berekraft i Kvam herad, og svarte på spørsmål.

Andre orienteringar blei haldne før vidare sakshandsaming i møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sin presentasjon vart sendt kontrollutvalet etter møtet.

Vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i april/mai 2025, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft.

Rådmannen sin presentasjon frå møte 07.05.2024 ligg ved saka.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at rådmannen vert invitert til møte i april/mai 2026 for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft.



Kommunaløkonomisk berekraft (KØB)

ORIENTERING KONTROLLUTVALET 07.05.24



§14-1 – Grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga


§ 14-1. Grunnleggjande krav til økonomiforvaltningen

Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.


Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.

- Trygga grunnlaget for velferda og ivareta økonomisk handlingsrom
- Langsiktig tenking og tidlege økonomiske grep



§ 14-2 – Heradsstyret skal vedta:

Tema	Når	Aktuelle lenkjer	Kommentar
Økonomi og årsbudsjett	- Utkast/prinsipp i junimøtet - Budsjettvedtak i desembermøtet	https://www.kvam.no/tenester/planar-strategiar-og-styringsdokument/okonomi/	
Årsrekneskap og årsmelding	I maimøtet	https://www.kvam.no/tenester/planar-strategiar-og-styringsdokument/okonomi/	
Finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi	Del av årleg budsjettvedtak	HST-sak 17.12.19 https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2019022979&dokid=100659003&version=1&variant=A&	- Måltal for lånegjeld i % av driftsinntekt, og for netto driftsresultat. - Ikkje bindande eller lovfasta indikatorar
Økonomi-reglement	Del av årleg budsjettvedtak	HST-sak 29.9.20 https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2020017003&dokid=100698030&version=1&variant=A&	- Lovpålagt frå 1.1.20 - Ikkje krav til innhald/form
Reglement for finans- og gjeldsforvaltning	Eigne finans- og gjeldsrapportar i øk.rapportar	Siste versjon i HST 16.2.21 https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2021001447&dokid=100717013&version=1&variant=A&	Ei rekkje rammer for finans- og gjeldsforvaltning



Rapportering i årsmelding

Årsmelding 2023

← Tilbake til framside

Sentrale kapittel:

**Finans og økonomisk
berekraft**

Innhold på denne sida:

Finansielle måltal for 2023

Lånegjeld i prosent av
driftsinntektene

Gjennomsnittlig netto
driftsresultat

Økonomisk berekraft

Finans- og gjeldsforvaltning

Forvaltning av midlar
(obligasjonsportefølje)

Portefølje pr 31.12.2023

Fordeling på ulike risikoklasser
i kroner og prosent

Avkastning samanlikna med
referanseindeks

Stresstest



§14-2 i Kommuneleova - Heradsstyret pliktar å vedta:

Tema	Når	Aktuelle lenkjer
Økonomi og årsbudsjett	-Utkast/prinsipp i junimøtet -Budsjettvedtak i desembermøtet	https://www.kvam.no/tenester/planar-strate-styringsdokument/okonomi/
Årsrekneskap og årsmelding	I malmøtet	https://www.kvam.no/tenester/planar-strate-styringsdokument/okonomi/
Finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi	Del av årleg budsjettvedtak	HST-sak 17.12.19 https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2019022979&dokid=1006590&riant=A&

Finansielle måltal

Lånegjeld i prosent av driftsinntektene

Diagrammet under viser utviklinga i total lånegjeld og lånegjeld i prosent av driftsinntektene. Per 31.12.2023 utgjorde lånegjelda, eksklusiv lån til vidare utlån 119% av driftsinntektene. Dette ligg innanfor måltalet på 160%.




Gjennomsnittleg netto driftsresultat


Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter vart på 0,8 %

Nøkkeltalet ligg noko under det vedtekne gjennomsnittet på 1,0 % i økonomiplanperioden. Nøkkeltalet ligg og under nasjonalt anbefalt nivå på 1,75 % (anbefaling frå "teknisk beregningsutvalg").

Til samanlikning var nøkkeltalet 1,3 % i 2020 og 7,2 % i 2021 og 7,4 % i 2022. Dei høge tala i 2021 og 2022 var i stor grad påverka av høge kraftinntekter.



Frå + 89 mnok til – 83 mnok



Innsparingsprogram - endringsprogram

- *Korleis kan me saman skapa ein attraktiv arbeidsplass som leverer framtidsrette tenester, med færre ressursar enn me brukar i dag?*



Samfunnsplan – Kvammakraft 2040

- Kvam-bærekraft mot 2040

- Økonomi
- Sosiale forhold
- Klima og miljø



- Me må bruka

- Drivkraft
- Handlekraft
- Skaparkraft
- (og kraftinntekter)

- Endringsprogram – Kvammakraft 2040

- Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid

Vedlikeholdsetterslep – nivå verdibeverande




- Kroner – utfordringer
 - Kartlegging – kontinuerleg endring (avdekka, pris, behov, nivå, hendingar)
- Ikkje vesentlege endringar frå sist rapportering
 - Bruer
 - Kaiar (Kaldestad og Øystese)
 - Tunnel
 - Vegar (privatisering)
 - Vatn og avlaup
- Eigedomsstrategi - bygg

Eigedomsstrategi – hausten 2024

- «Enorm» kartleggingsjobb
- Ca. 76.000 m²
- Tilstandsgrad – TG 0-3 (vekting)
- Konkrete grep per bygg for «etterslep», estimert
 - Ventilasjon og varme + EL
- Framlegg til normtal for framtidig vedlikehaldsbudsjett
- Kategorisering av bygg (A, B og C)
 - Kva gjer me med C?
- Framlegg til normtal for framtidig vedlikehaldsbudsjett - verdibevarende

Verdibevarende vedlikehold og vedlikehaldsetterslep



Figur 18: Hvordan vedlikehold og utvikling bidrar til et bærekraftig bygg (Bjørberg, 2008, som sitert i Valen et al., 2011)

Spørsmål?





Saksframlegg

Saksnr: 2024/62-6

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	10/25	06.05.2025

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor, Unni-Renate Moe, vedrørende om Deloitte AS er uavhengig i høve Kvam herad, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad. Vedlagte uavhengighetserklæring mv. ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 E-post: Uavhengighetserklæring Kvam herad
- 2 Uavhengighetserklæring 2025 Kvam herad.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar løpande vurdere sin uavhengighet. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommunelova § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til egenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Ansvarleg revisor hjå Deloitte, Unni Renate Moe, har no sendt over ei slik egenvurdering dagsett 23.04.2025. Denne ligg ved saka som vedlegg 2.

Som det går fram av kommunelova har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at heradet har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si behandling av ansvarleg revisor si egenvurdering, vil vera eit ledd i å sjå til at heradet har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver/prosjekt for kommunen, som ikkje er bestilt av kontrollutvalet. Dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengigheit og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for heradet ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og storleiken på oppdraget.

Deloitte opplyser dette i følgjeskriv til uavhengighetserklæringa (vedlegg 1):

«Vi har ikke levert tjenester utover det som er bestilt av kontrollutvalget i 2024».

Revisor opplyser vidare at det så langt i 2025 har blitt levert tenester frå Deloitte Advokatfirma AS til Kvammabadet KF for å sjå til at prinsipp for husleige er i tråd med tildeling av spelemiddel og kompensasjon for MVA, samt bistand til kvalitetssikring av utkast til ny drifts- og samarbeidsavtale.

Revisor konkluderer som følgjer:

«De leverte tjenestene i 2025 påvirker ikke vår uavhengighet og innholdet i uavhengighetserklæringen».

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte AS sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Kvam herad.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa vert det tilrådd å ta informasjonen til etterretning.

Fra: Moe, Unni-Renate[umoe@DELOITTE.no]
Sendt: 23.04.2025 11:30:54
Til: Stian Skår Ludvigsen[Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]
Kopi: Hogne Haktorsen[Hogne.Haktorsen@vlfk.no]; Strabo, Vegard[vstrabo@deloitte.no];
Tittel: Uavhengighetserklæring Kvam herad

Hei,

Vedlagt er uavhengighetserklæringen for 2025 for Kvam herad. Vi har ikke levert tjenester utover det som er bestilt av kontrollutvalget i 2024.

Så langt i 2025 har Deloitte Advokatfirma AS levert tjenester til Kvammabadet KF knyttet til:

- vurdering av om nye prinsipp om fastpris på husleie for utleie av svømmeanlegget fra Kvammabadet KF til Hardangerbadet AS (herunder fastpris på kostnader til drift og vedlikehold for KF sin seksjon) er i tråd med forutsetningene for tildeling av spillemidler, retten til kompensasjon for inngående merverdiavgift knyttet til kommunens egen bruk av anlegget, og utleie av anlegget til Hardangerbadet AS under en frivillig registrering i Merverdiavgiftsregisteret.
- bistand med kvalitetssikring av utkast til ny drifts- og samarbeidsavtale - herunder gjennomgang av gjeldende reguleringer i eksisterende drifts- og samarbeidsavtale og utkast til ny samarbeids- og driftsavtale

De leverte tjenestene i 2025 påvirker ikke vår uavhengighet og innholdet i uavhengighetserklæringen.

Med vennlig hilsen

Unni-Renate Moe

Partner

Deloitte AS

Lars Hilles gate 30, 5008 Bergen

+47 480 14 072 | umoe@deloitte.no

www.deloitte.no

Deloitte.

Disclaimer: This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited. Deloitte refers to a Deloitte member firm, one of its related entities, or Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"). Each Deloitte member firm is a separate legal entity and a member of DTTL. DTTL does not provide services to clients. Please see <https://www.deloitte.com/about> to learn more.

Til Kontrollutvalet i Kvam herad

Uavhengighetserklæring

Deloitte AS v/partner Unni-Renate Moe sin eigenvurdering av uavhengighet følger punktvis i høve til krav i kommunelova § 24-4 og §§ 16 - 19 i forskrift om revisjon og kontrollutval:

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Kvam herad.
Pkt. 4: Nærstående	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Kvam herad som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.
Pkt. 5: Rådgjeving- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjeving- eller andre tenester til Kvam herad som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine eigne leiings- og kontrolloppgåver	Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Kvam herad som høyrer inn under kommunen sine eigne leiings- og kontrolloppgåver.
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	Vi stadfester at Deloitte AS for tida ikkje opptre som fullmektig for Kvam herad.
Pkt. 8: Andre særreigne tilhøve	Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særreigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Kvam herad.

Bergen, 23. april 2025
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
partner/statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2025-04-23 06:18:54 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: X6TUC-6NU5N-1FVHB-5LPOP-1C4C2-SYCCE

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2025/16-16

Saksbehandlar: Eli Merete Velle

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	11/25	06.05.2025

Oppmoding om undersøking - budsjettvedtak VTA-plassar

Samandrag

Sak levert frå settesekretariat – sekretariat for kontrollutvalet, Bergen kommune. Sjå etterfølgande.



Saksframstilling

Vår referanse: 2025/159404-3
Saksbehandlar: Eli Merete Velle

Oppmoding om undersøking - budsjettvedtak VTA-plassar - settesekretariat - Kvam herad

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet kjenner Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, v/ seniorrådgjevar Stian Skår Ludvigsen og kontrollsjef Hogne Haktorson, ugilde til å handsame saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.
2. Kontrollutvalet godkjenner at Sekretariat for kontrollutvalet i Bergen kommune, v/ leiar Eli M. Velle, tek over oppgåva med å leggje fram og følgje saka for kontrollutvalet.
3. Kontrollutvalet tek saksframlegget og vedlegga i saka til orientering.
4. Kontrollutvalet går ikkje inn i einskilde forhold ved rådmannen si saksførebuinga av budsjettforslag til heradsstyret, men viser til plan for forvaltningsrevisjon, og noterer seg saka som mogeleg case i eventuell framtidig forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging.
5. Kontrollutvalet registrerer at usemje mellom Hardanger AKS og Kvam herad om budsjettvedtak vert formidla via advokat, viser til plan for eigarskapskontroll, og noterer seg dette som mogleg case i eventuell framtidig eigarskapskontroll.
6. Kontrollutvalet ber ordførar og rådmann om å halde utvalet orientert via sekretariatet om eventuell vidare korrespondanse, møte og avklaringar i saka mellom Kvam herad og Hardanger AKS AS.

Kva saka gjeld:

Hardanger AKS har via advokat oppmoda kontrollutvalet om å gjere undersøking av om budsjettvedtak om reduksjon i talet på varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA) er gjort på forsvarleg utgreidd grunnlag. I same brev har Hardanger AKS oppmoda om at heradet utset iverksettinga av reduksjonen av VTA-plassar inntil kontrollutvalet har gjennomført sine undersøkingar og heradsstyret eventuelt har fatta eit nytt vedtak. Saka er tidlegare lagt fram for kontrollutvalet i Kvam i møte 18. februar 2025, som sak PS 1/25. Ved starten av møtet melde sekretariatet seg inhabilt til å leggje fram saka. Under sakshandsaminga gjorde kontrollutvalet i Kvam herad deretter slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet sender sak PS 1/25 om VTA-plassar tilbake for ny saksførebuing.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet finne eit settesekretariat for saka. Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne settesekretariatet.
3. Settesekretariatet vert bede om å vurdere habiliteten til sekretariat for kontrollutvalet i saka, og eventuelt ta over oppgåva med å leggje fram og følgje saka for kontrollutvalet.

Etter framlegg frå Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland, har underteikna teke på meg oppdraget å vere settesekretariat i saka. Leiar av kontrollutvalet i Kvam, Trygve Vik, godkjende i e-post av 4. mars 2025 at Sekretariat for kontrollutvalet i Bergen kommune vert oppnemnt.

Habilitetsvurderinga:

Kontrollutvalet skal først ta stilling til om sekretariat for kontrollutvalet i Vestland, v/ seniorrådgjevar Stian Skår Ludvigsen og kontrollsjef Hogne Haktorson, er ugilde til å handsame saka. Bakgrunnen for at spørsmålet er teke opp, er at advokat Dan Femoen, som har skrive klagen og representerer klagar i saka, Hardanger AKS, også er leiar av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune. Som kontrollutvalsleiar har han arbeidsgjevaransvaret for leiar av sekretariatet, inkludert ansvaret for å fastsetje løn. Sekretariatet har sjølve sagt seg ugilde, jf. forvaltningslova § 8 første ledd.

Spørsmålet om inhabilitet / ugildskap må vurderast etter reglane i [forvaltningslova kap. II](#), jf. forvaltningslova § 10, jf. kommunelova § 13-3. Sekretariatet sine oppgåver går fram av [kommunelova § 23-7](#), og går ut på både administrasjon og utgreiing/ rådgjeving. Det er sentralt at sekretariatet skal vere uavhengig, både overfor administrasjonen i kommunen og eventuelle partar i sakene.

Vurderingstemaet i denne saka vert om det ligg føre inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd, som lyder slik: «Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.»

Settesekretariatet vurderer, under noko tvil, at det ligg føre slike «andre særegne forhold» i saka, som er «egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet.» Vi legg då særleg vekt på at advokat Dan Femoen representerer Hardanger AKS i saka. Det følgjer av forvaltningslova § 6 første ledd bokstav d) at ein fullmektig for ein part i saka vert direkte inhabil. Slik vi ser det, er det ikkje openbert at Hardanger AKS skal reknast som part i ei kontrollsak på dette stadiet. Men vi meiner at det kan leggjast til grunn som ein føresetnad i lova at ein advokat kan bli identifisert med sin klient. Som advokat har Femoen vidare sett fram til dels svært kritiske merknader til sakshandsaminga i kommunen. Blant anna har han gjort gjeldande at sakshandsaminga ikkje var forsvarleg, då den var basert på urette/ misvisande opplysningar.

Dersom sekretariatet for kontrollutvalet i Vestland skal handsame denne konkrete saka, vil dei nemnde omstenda etter underteikna sitt syn vera eigna til å svekke tillita til at dei er upartiske. Vi legg då særleg vekt på at Dan Femoen også har arbeidsgjevaransvaret for leiar av sekretariatet i Vestland, og at det overfor både publikum og involverte partar kan oppfattast som mindre tillitvekkjande at det same sekretariatet skal utgreie og lage framlegg om vedtak i ei sak der deira leiar i rolla som advokat har argumentert såpass kraftfullt.

Settesekretariatet tilrår etter dette at kontrollutvalet kjenner Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, v/ seniorrådgjevar Stian Skår Ludvigsen og kontrollsjef Hogne Haktorson, ugilde til å handsame saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd. Vidare tilrår vi at kontrollutvalet godkjenner at Sekretariat for kontrollutvalet i Bergen kommune, v/ leiar Eli M. Velle, tek over oppgåva med å leggje fram og følgje saka for kontrollutvalet.

Vurdering av saka:

Før sekretariat for kontrollutvalet i Vestland sa seg inhabile, gjorde dei grundig greie for saka i saksframlegget til kontrollutvalet i Kvam sak 1/25, sjå vedlegg 0. Vi finn grunn til å referere følgjande:

«Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet, ved leiar, og med sekretariatet, ordførar og rådmann på kopi, fekk 13.01.2025 e-post med vedlagt brev frå advokat Dan Femoen, som representerer Hardanger AKS. E-post og brev er høvesvis vedlegg 1 og 2 til saka.

Brevet er ei oppmoding til kontrollutvalet om å gjennomføre undersøking av saksbehandlinga knytt til budsjettvedtak i heradsstyret om reduksjon i talet varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA) som heradet finansierer, samt ei oppmoding om at heradet utsett iverksetting «inntil kontrollutvalget har foretatt sine undersøkelser og heradsstyret eventuelt har fattet et nytt vedtak i saken».

Brevet inneheld ei rekkje argument om feil i sakshandsaminga, herunder ein alvorleg påstand om at «helse- og omsorgssjefen feilinformerte heradsstyret» i budsjettsaka, og at «Feilinformasjonen kan ha påvirket innholdet i vedtaket». Brevet inneheld også argument om at «Kontrollutvalget har som hovedoppgave å føre tilsyn med kommunens forvaltning. Det anmodes dermed om å foreta en nærmere undersøkelse av vedtak i sak 130/24».

Advokaten oppmodar avslutningsvis «om at saken prioriteres, og at det gis en snarlig bekreftelse på utsatt iverksettelse».

Stadfesting på mottak frå sekretariatet ligg som vedlegg 3. Stadfesting på mottak frå ordførar ligg som vedlegg 4.

Sekretariatet skriv i si stadfesting at oppmodinga «om undersøking av sakshandsaminga vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering» i møte 18.02.2025.

Ordførar skriv i si stadfesting at han vil «be rådmannen om å gjera avklaringar med leiinga i Hardanger AKS for, om mogleg, bli samde om faktum», og at han vil halde kontrollutvalet og heradsstyret orientert.

Brev frå rådmann til Hardanger AKS med kopi til ordførar og kontrollutvalet ligg som vedlegg 5. Brevet er ei oppseiing av dei 1,6 kommunale VTA-plassane frå og med 01.08.2025, og inneheld òg orientering om rådmannen si forståing av kjøp av VTA-plassar og venteliste.

Kontrollutvalet fekk ny e-post (vedlegg 6) med brev (vedlegg 7) frå Femoen 10.02.2025, med kommentarar til rådmannen si oppseiing av VTA-plassane og rådmannen si forståing av VTA-plassar og venteliste. Brevet hadde vedlegg med detaljar om venteliste per 05.02.25. Dette vedlegget inneheld opplysningar om personlege forhold, og møtet i kontrollutvalet må bli lukka om dette vedlegget skal leggjast fram for kontrollutvalet. Brevet inneheld òg ei førespurnad om å få oversendt møtebok etter møte mellom sekretariatet, kontrollutvalsleiar og ordførar. Slik møtebok finst ikkje, men møtet er referert i brev frå sekretariatet til Femoen 10.02.2025 (vedlegg 8).»

Vedtakskompetanse:

Det er opp til kontrollutvalet å ta stilling til kva oppfølging dei vil gjere av ei sak eller ei problemstilling, jf. [kommunelova § 23-2](#). Utvalet kan blant anna krevje at kommunen legg

fram opplysningar som dei finn naudsynt for å utføre sine oppgåver, og kontrollutvalet kan sjølv gjere undersøkingar. Det er også opp til kontrollutvalet å avgjere om dei eventuelt skal bestille ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll.

Ein eigarskapskontroll går ut på å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring, jf. kommunelova § 23-4 første ledd.

Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnføring og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

I gjeldande planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, som er vedtekne av heradsstyret i møtet 23.05.2024, er det lista opp både prioriterte og uprioriterte prosjekt. Blant eigarskapskontrollprosjekta er eigarskapskontroll av Hardanger AKS AS prioritert som nr. 2. Eit aktuelt tema som der er nemnt, er risiko for manglande system og rutinar for kommunen si eigarskapsforvaltning. Når det gjeld forvaltningsrevisjonsprosjekt, er prosjektet «saksførebuing og vedtaksoppfølging» på den prioriterte lista, der tre aktuelle tema er kvalitet i saksførebuinga, iverksetting av politiske vedtak og samhandling mellom politisk og administrativt nivå. På lista over uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt står forvaltningsrevisjon av Hardanger AKS AS. Heradsstyret har vidare delegert mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i begge planar, samt til å definere og avgrense konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planane.

Spørsmålet om vidare handsaming av saka:

Det er her tale om eit budsjettvedtak i heradsstyret, der det klare rettslege utgangspunktet er at: «Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnete organer.» Dette følgjer av kommunelova § 14-5 første setning. Det er ikkje klagerett over eit budsjettvedtak. Lovlegkontroll hjå Statsforvaltaren kan eventuelt krevjast av minst tre kommunestyremedlemmer innan tre veker, jf. kommunelova § 27-1 første ledd. I unntakstilfelle kan også Statsforvaltaren prøve saka av eige tiltak etter § 27-1 andre ledd, dersom særlege grunnar tilseier det. Vi kjenner ikkje til om spørsmålet om lovlegkontroll har vore tema i denne saka.

Hardanger AKS ved advokat Femoen gjer gjeldande overfor kontrollutvalet at budsjettvedtaket er basert på feil informasjon, og at denne feilinformasjonen kan ha påverka utfallet i saka. Rådmannen er ikkje samd i det klagar gjer gjeldande, og har svart med sitt syn på saka i brevet av 30.01.25, som blant anna lyder slik:

«Rådmannen si forståing av kjøp av VTA-plassar og venteliste, er at det er viktig å presisera at Kvam herad «kjøper»/finansierer to ulike VTA-plassar frå Hardanger AKS AS.

1. Statleg kjøpte plassar, der NAV finansierer 75 % av plassen, og Kvam herad 25 %. Her er det 3 ulike partar i avtalen, Hardanger AKS AS, NAV og Kvam herad. Hausten 2024 auka omfanget av denne type avtale der Kvam herad er part, frå 20 til 23.
2. Det har i lang tid vore for få tilgjengelege statleg finansierte VTA-plassar i Kvam, i høve behovet til kommunen. Kvam herad har difor sidan 1991 kjøpt opptil 15 fullfinansierte kommunale VTA-plassar. Her er 2 partar i avtalen, Hardanger AKS AS og Kvam herad. Frå 1.8.25 vert talet på desse plassane redusert frå 14,6 til 13. NAV eller fylkeskommune er ikkje part i denne avtalen.

Når Hardanger AKS AS snakkar om venteliste, er det rådmannen sitt inntrykk at det er venteliste til statleg kjøpte VTA-plassar som vert omtala. Innsøking til plassar ved Hardanger AKS AS skjer via NAV sitt system. I praksis vert aktuelle kandidatar til stillingane søkt inn via NAV og sett opp på venteliste dersom det ikkje er ledig statleg

VTA-plass. Dei som står på desse ventelistene har den siste tida fått tilbod om kommunal plass i ventetida slik at aktuelle kandidatar har tilbod om arbeidsplass.

Dei 3 søkarane som fekk tildelt plass, hadde frå tidlegare kommunal fullfinansiert VTA-plass. Kvam herad er glade for at det endeleg er oppretta fleire statleg finansierte plassar, og at det er behov for at det vert oppretta endå fleire. Dette fordi Kvam herad i fleire tiår har dekkja opp for eit statleg ansvar på dette området, noko som tærar på kommuneøkonomien. Vel å merka, er det nokre av dei kommunen kjøper fullfinansiert VTA-plass til, som ikkje kvalifiserer til statleg VTA-plass. For å kvalifisera til statleg VTA-plass, må det mellom anna vera tilstrekkeleg med 1 arbeidsleiar på 5 VTA-plassar. Når det gjeld dei fullfinansierte kommunale plassane, er dette redusert til 1 arbeidsleiar på 3 VTA-plassar.

I siste halvdel av 2024 har det vore ledige kommunale plassar å tildele dei som står på venteliste til statleg finansierte VTA plassar. Søknadar og eventuell tildeling vert gjennomgått to gonger i året i samarbeidsmøte mellom Hardanger AKS AS, NAV og Kvam herad. På siste samarbeidsmøte 12.12.24 var det 2,6 kommunale plassar som stod ubrukt, og dei vart ikkje tildelt. Etter dette er 0,5 kommunalt finansierte plass sagt opp av brukaren. Samla er det såleis 3,1 kommunal VTA-plass ledig per i dag, og ikkje ventelista på kommunale plassar. Dersom me tek høgd for reduksjonen på 1,6 plass frå 1.8.25, og det ikkje skjer andre endringar fram til den tid, er det 1,5 ledige plassar frå 1.8.25.

Rådmannen meiner at det er feil å visa til ventelister og reduksjon i VTA-plassar når me snakkar om kva VTA-plassar Kvam herad har tilgjengeleg, og kva som er kommunen sitt behov. 3 av dei som fekk dei nye, statlege plassane i haust, hadde frå tidlegare kommunal plass. Plassar som Kvam herad hadde tilgjengeleg totalt frå hausten 2024 auka såleis med 3, frå 20 statlege plassar + 14,6 kommunale plassar, totalt 34,6 plassar til 37,6 VTA-plassar. Frå 1.8. vert dette redusert til 36 plassar til saman. Noko som er 1,4 VTA-plassar meir enn før hausten 2024, og såleis ein auke i plassar som er tilgjengeleg for brukarar.»

I brev datert 10.02.25 svarte advokat Femoen på vegner av Hardanger AKS, blant anna følgjande:

«Det fremstår som underlig at kommunen velger å redusere sin andel med 1,6 plasser som følge av at staten øker sin andel med 3 plasser, da ventelistene er lange og behovet for flere plasser er stort. Selv om ingen ville «miste» VTA-plassen på tidspunktet for budsjettvedtaket den 12.12.24 (sak 24/4089), var kommunen klar over at flere brukere var på vei inn, og at antallet plasser ikke var tilstrekkelig til å dekke dette behovet.

Til tross for denne kunnskapen, ble ikke heradsstyret informert om situasjonen. Det blir dermed misvisende å hevde at det er 1,6 ledige plasser på kjøpt VTA-plass, når rådmannen er klar over at årsaken til dette er at plassene er holdt av til dem som er på vei inn fra ventelisten.

Etter budsjettvedtaket i desember er det 23 statlig finansierte plasser og 13 kommunalt finansierte plasser. Per nå er det 5 personer på venteliste, og ytterligere 6 personer som Hardanger AKS har fått melding om at de vil få søknad på. Totalt er det 11 personer som trenger VTA-plass. (...)

Oppsummert har Hardanger AKS og Kvam herad ulike syn på saka. Dette er likevel ikkje ei sak som det er høve til å klage over. Spørsmålet vert dermed om dette er ei sak for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vedtok retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Kvam herad i sak PS 28/22, i møte 05.09.2022. Det noverande kontrollutvalet fekk retningslinjene som referatsak i sak RS 7/24 i møte 17.04.2024.

I saksframlegget har sekretariat for kontrollutvalet i Vestland vist til Forum for kontroll og tilsyn sin rettleiar i handtering av henvendingar til kontrollutvalet,¹ især «Trafikklysmodellen», på side 14.

Settesekretariatet sluttar seg til at denne modellen kan brukast, og viser til Anbefaling 5: «Kontrollutvalget bør bruke «trafikklysmodellen» når kontrollutvalget skal vurdere om innholdet i en henvendelse skal følges opp.» Første spørsmål er: «Vedrører henvendelsen misnøye med et politisk fattet vedtak?» Her ville settesekretariatet ha kryssa av på «Ja,» som er eit raudt felt og peikar i retning av å ikkje følgje opp. Under spørsmål 7: «Er det ein annan naturleg behandlingsveg for henvendinga,» ville eg også ha vurdert å krysse av på raudt eller gult. Når det er ønskje om overprøving av eit budsjettvedtak, er det oftast meir nærliggjande å be Statsforvaltaren om å gjere ein lovlegkontroll av vedtaket, heller enn å kontakte kontrollutvalet. Ein lovlegkontroll er likevel ikkje noko som ein privat part kan krevje, og kan såleis tale for at det likevel ikkje er andre naturlege behandlingsvegar for saka. Generelt følgjer det av anbefaling nr. 6 at: «Kontrollutvalget bør unngå å gå vidare med henvendinger som uttrykker generell misnøye med et politisk fattet vedtak, dreier seg om en enkeltsak, er under behandling i et annet organ eller har en annen naturlig behandlingsvei.» Elles er eg samd i vurderingane til sekretariatet i Vestland.

Konklusjon:

Etter ei heilskapsvurdering, vil eg tilrå at kontrollutvalet tek saka til orientering. Vidare vil eg tilrå at kontrollutvalet noterer seg saka som mogeleg case i ein framtidig forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging. Denne saka viser også at det kan vere grunn til å prioritere eigarskapskontroll av heradet si eigarskapsforvaltning av Hardanger AKS AS framfor andre prosjekt. Saka kan eventuelt nyttast som ein mogeleg case ved ei bestilling av ein eigarskapskontroll. Til sist bør kontrollutvalet be ordførar og rådmann om å halde utvalet orientert via sekretariatet om vidare korrespondanse, møte og avklaringar i saka mellom Kvam herad og Hardanger AKS AS.

Sjå forslag til vedtak på side 1.

Bergen, 29. april 2025

Eli M. Velle - Leiar

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

9

¹ <https://www.fkt.no/veiledere-utarbeidet-av-fkt/horing-veileder-handtering-av-henvendelser-til-kontrollutvalget/>

Fra: Dan Stian Femoen[df@law.no]
Sendt: 13.01.2025 09:04:22
Til: trygvi@kvam.kommune.no[trygvi@kvam.kommune.no]
Kopi: Øyvind Aksnes[oyvind@hardangeraks.no]; Stian Skår
Ludvigsen[Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]; Næss, Torgeir[tornes@kvam.kommune.no]; Hesthamar,
Anita[anhe@kvam.kommune.no];
Tittel: Ad undersøkelse av sak 130/24 og utsatt iverksettelse

You don't often get email from df@law.no. [Learn why this is important](#)

Kontrollutvalget i Kvam Herad
v./utvalgsleder Trygve Vik

Kopi: Sekretariatet for kontrollutvalget
Kopi: Ordfører
Kopi: Rådmann

Undertegnede representerer Hardanger AKS.

Under budsjettbehandlingen i Kvam heradstyre den 12. desember 2024, ble det i sak 130/24 vedtatt reduksjon av VTA (varig tilrettelagt arbeid)-plasser tilsvarende 1,6 årsverk. Oppsummert anføres det at saksbehandlingen ikke har vært forsvarlig, da den er basert på uriktige/misvisende opplysninger. Videre anføres det at kommunenes reduksjon av VTA-plasser er i strid med gjeldende avtale mellom Hardanger AKS og Kvam Herad. Se vedlagt brev for nærmere redegjørelse.

Vi anmoder kontrollutvalget om å foreta nærmere undersøkelser av vedtaket. Det anmodes om utsatt iverksettelse av reduksjonen av VTA-plasser inntil kontrollutvalget har foretatt sine undersøkelser og heradsstyret eventuelt har fattet et nytt vedtak i saken.

Med vennlig hilsen / Best regards

law.no

Dan Femoen

Partner | Advokat MNA

df@law.no

+47 922 16 580

Law.no Advokatfirma AS

Kanalveien 11, 5068 Bergen, Norway

www.law.no (+47 402 87 887)

NO-976 803 256 MVA

Saksansvarlig advokat/lawyer in charge: Dan Femoen

Våre tjenester er omfattet av våre alminnelige avtalevilkår hvis ikke annet er skriftlig avtalt (www.law.no/vilkar). Denne e-posten og eventuelle vedlegg er konfidensielle. Hvis du ikke er den tiltenkte mottakeren, vennligst gi beskjed til avsenderen umiddelbart ved å svare på denne e-posten, slett e-posten og eventuelle vedlegg fra systemet ditt, og ikke del eller bruk innholdet på noen måte. Takk.

Our services are based upon our Terms of Agreement unless otherwise is agreed in writing. This email and any attachments are confidential. If you are not the intended recipient, please notify the sender immediately by replying to this email, delete this email and any attachments from your system, and do not disclose or use the contents in any way. Thank you.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/47-30

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	1/25	18.02.2025

Oppmoding om undersøking - budsjettvedtak VTA-plassar

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet tek til orientering saksframlegget og vedlegga i saka.
2. Kontrollutvalet går ikkje inn i einskilde forhold ved saksførebuinga til rådmannens budsjettforslag til heradsstyret, men viser til plan for forvaltningsrevisjon, og noterer seg saka som mogleg case i eventuell framtidig forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging.
3. Kontrollutvalet registrerer at usemje mellom Hardanger AKS og Kvam herad om budsjettvedtak vert formidla via advokat, viser til plan for eigarskapskontroll, og noterer seg dette som mogleg case i eventuell framtidig eigarskapskontroll.
4. Kontrollutvalet ber ordførar og rådmann om å halde utvalet orientert via sekretariatet om eventuell vidare korrespondanse, møte og avklaringar i saka mellom Kvam herad og Hardanger AKS AS.

Samandrag

Hardanger AKS har via advokat oppmoda kontrollutvalet om å gjere undersøking av om budsjettvedtak om reduksjon i VTA-plassar er gjort på forsvarleg utgreidd grunnlag. I same brev har Hardanger AKS oppmoda om at heradet utsett iverksetting av reduksjonen av VTA-plassar inntil kontrollutvalet har gjennomført sine undersøkingar og heradsstyret eventuelt har fatta eit nytt vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Ad undersøkelse av sak 130/24 og utsatt iverksettelse
- 2 2025-01-13 Brev.pdf
- 3 Stadfesting av mottak av anmodning om undersøking
- 4 Ad undersøkelse av sak 130/24 og utsatt iverksettelse
- 5 Oppseiing av 1,6 kommunal VTA-plass og faktagrunnlag.pdf

- 6 Ad undersøkelse av sak 130/24 - oppfølging
- 7 2025-02-10 Brev.pdf
- 8 Ad undersøkelse av sak 130 24 - oppfølging.PDF

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet, ved leiar, og med sekretariatet, ordførar og rådmann på kopi, fekk 13.01.2025 e-post med vedlagd brev frå advokat Dan Stian Femoen, som representerer Hardanger AKS.

E-post og brev er høvesvis vedlegg 1 og 2 til saka.

Brevet er ei oppmoding til kontrollutvalet om å gjennomføre undersøking av saksbehandlinga knytt til budsjettvedtak i heradsstyret om reduksjon i talet varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA) som heradet finansierer, samt ei oppmoding om at heradet utsett iverksetting «inntil kontrollutvalget har foretatt sine undersøkelser og heradsstyret eventuelt har fattet et nytt vedtak i saken».

Brevet inneheld ei rekkje argument om feil i sakshandsaminga, herunder ein alvorleg påstand om at «helse- og omsorgssjefen feilinformerte heradsstyret» i budsjettsaka, og at «Feilinformasjonen kan ha påvirket innholdet i vedtaket». Brevet inneheld også argument om at «Kontrollutvalget har som hovedoppgave å føre tilsyn med kommunens forvaltning. Det anmodes dermed om å foreta en nærmere undersøkelse av vedtak i sak 130/24».

Advokaten oppmodar avslutningsvis «om at saken prioriteres, og at det gis en snarlig bekreftelse på utsatt iverksettelse».

Stadfesting på mottak frå sekretariatet ligg som vedlegg 3. Stadfesting på mottak frå ordførar ligg som vedlegg 4.

Sekretariatet skriv i vår stadfesting at oppmodinga «om undersøking av sakshandsaminga vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering» i møte 18.02.2025.

Ordførar skriv i si stadfesting at han vil «be rådmannen om å gjera avklaringar med leiinga i Hardanger AKS for, om mogleg, bli samde om faktum», og at han vil halde kontrollutvalet og heradsstyret orientert.

Brev frå rådmann til Hardanger AKS med kopi til ordførar og kontrollutvalet ligg som vedlegg 5.

Brevet er ei oppseiing av dei 1,6 kommunale VTA-plassane frå og med 01.08.2025, og inneheld òg orientering om rådmannen si forståing av kjøp av VTA-plassar og venteliste.

Kontrollutvalet fekk ny e-post (vedlegg 6) med brev (vedlegg 7) frå Femoen 10.02.2025, med kommentarar til rådmannen si oppseiing av VTA-plassane og rådmannen si forståing av VTA-plassar og venteliste. Brevet hadde vedlegg med detaljar om venteliste per 05.02.25. Dette vedlegget inneheld opplysningar om personlege forhold, og møtet i kontrollutvalet må bli lukka om dette vedlegget skal leggjast fram for kontrollutvalet. Brevet inneheld òg ei førespurnad om å få oversendt møtebok etter møte mellom sekretariatet, kontrollutvalsleiar og ordførar. Slik møtebok finns ikkje, men møtet er referert i brev frå sekretariatet til Femoen 10.02.2025 (vedlegg 8).

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2. Om det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, er det kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel heradsstyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet vedtok retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Kvam herad i sak PS 28/22, i møte 05.09.2022. Det noverande kontrollutvalet fekk retningslinjene som referatsak i sak RS 7/24 i møte 17.04.2024.

I tråd med retningslinjene har sekretariatet journalført og arkivert henvendinga, og gitt tilbakemelding om at henvendinga er motteke og blir lagt fram for vurdering.

Vidare har sekretariatet drøfta henvendinga med kontrollutvalet sin leiar (i tråd med retningslinjene) og i møte med ordførar saman med kontrollutvalet sin leiar (jf. retningslinjer «om nødvendig kan sekretariatet gjere enkle avklaringar, for eksempel om henvendinga er til behandling hjå annan instans».

Kontrollutvalet sin leiar har avgjort at henvendinga skal settast opp som sak på sakslista.

I tråd med retningslinjene, skal sekretariatet da gi ei vurdering av innhaldet i henvendinga og kome med forslag til kontrollutvalet om korleis den kan handterast.

Til å vurdere innhaldet i henvendinga, brukar sekretariatet Forum for kontroll og tilsyn sin rettleiar i handtering av henvendingar til kontrollutvalet,¹ især «trafikklysmodellen», side 14.

Sentrale spørsmål – «Trafikklysmodellen»				
Kryss på røde felt kan peke i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt kan tale for å følge opp henvendelsen.	Ja	Delvis	Nei	Ukjent
1) Vedrører henvendelsen misnøye med et politisk fattet vedtak?		X		
2) Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet?			X	
3) Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?	X			
4) Viser henvendelsen til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen meir generelt innenfor et område?				X
5) Dreier henvendelsen seg i hovudsak om en isolert hendelse?	X			
6) Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?			X	
7) Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)?			X	
8) Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?	X			
9) Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?	X			
10) Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?	X			
11) Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?	X			
12) Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver?				X

- 1) Gjeld henvendinga misnøye med eit politisk fatta vedtak?
 - **Delvis**: Henvendinga har bakgrunn i misnøye med eit politisk fatta vedtak, men rettar seg mot saksbehandlingsfeil og feilinformasjon.
- 2) Gjeld henvendinga klage på enkeltvedtak?
 - **Nei**
- 3) Gjeld henvendinga lovbrudd, manglende etterleving av kommunale rutinar eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?
 - **Ja**
- 4) Viser henvendinga til risiko knytt til system, rutinar, praksis i kommunen meir generelt innanfor eit område?
 - **Usikkert**. Om det viser seg at det er gjeve feil informasjon til heradsstyret, kan det vere grunn for å sjå på informasjonen som er gjeve i andre saker.
- 5) Dreiar henvendinga seg i hovudsak om ei isolert hending?
 - **Ja**, men som over, om det er gjeve feil informasjon til heradsstyret, kan det vere grunn for å sjå på informasjonen som er gjeve i andre saker.
- 6) Er henvendinga under annan handsaming i anna organ?

¹ <https://www.fkt.no/veiledere-utarbeidet-av-fkt/horing-veileder-handtering-av-henvendelser-til-kontrollutvalget/>

- **Nei.** Heradsstyret har òg fått henvendinga, men om heradsstyret meiner det er grunn til å undersøke sakshandsaminga, vil det vere naturleg at heradsstyret ber kontrollutvalet om å sjå på saka.
- 7) Er det anna naturleg behandlingsveg for henvendinga?
 - **Nei.** Som punkt 6.
- 8) Kan henvendinga, og merksemd rundt henvendinga, bidra til at det stillast spørsmål om tilliten til kommunen si sakshandsaming av ei type saker?
 - **Ja.** Som punkt 4 og 5.
- 9) Gjeld henvendinga eit tema som kontrollutvalet allereie har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentleganalyse?
 - **Ja.** Risikovurderinga som låg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon, og som låg ved innstillinga frå kontrollutvalet til heradsstyret, har til temaet «Saksførebuing og vedtaksoppfølging» mellom anna vurdert at det er høg risiko for manglande kvalitet i saksførebuinga, og til samhandling mellom politisk og administrativt nivå. I revisor sin omtale skriv Deloitte «Fleire peiker også på manglande rapportering og viser mellom anna til mangelfulle og utydelege innstillingar i enkeltsaker, at sentral informasjon ikkje blir lagt ved skriftleg, men orientert om munnleg, og at folkevalde generelt har eit dårleg avgjerdsgrunnlag i viktige politiske saker» (s. 13). Vidare er det under temaet «Hardanger AKS» mellom anna omtalt følgjande: «Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av selskapet i 2016. Av revisjonen blei det avdekka fleire avvik, mellom anna at Kvam herad ikkje hadde hatt ei tydeleg og formell eigaroppfølging av selskapet. [...] I undersøkinga blir det understrekt at Kvam har tatt tak i utfordringane knytt til Hardanger AKS, og at heradet har jamlege eigarmøte med selskapet» (s. 31-32).
- 10) Er området eit tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eigarskapskontroll?
 - **Ja.** Plan for forvaltningsrevisjon har «saksførebuing og vedtaksoppfølging» som prioritert prosjekt nr. 6, og forvaltningsrevisjon av Hardanger AKS på lista over uprioriterte prosjekt. Plan for eigarskapskontroll har eigarskapskontroll av Hardanger AKS som prioritert prosjekt nr. 2.
- 11) Kan ein gjennomgang bidra til læring og forbetring?
 - **Ja,** jfr. risiko- og vesentleganalysen.
- 12) Bør henvendinga bli prioritert heller enn andre planlagde oppgåver?
 - **Usikkert.** Sekretariatet vil til dette møtet leggje fram anna sak for kontrollutvalet om laupande risikovurdering. Om kontrollutvalet og/eller heradsstyret deler Hardanger AKS sin påstand om at heradsstyret er feilinformert, kan det vere grunn for å endre på prioriteringane i planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Oppsummert, ser sekretariatet henvendinga i samanheng med temaet «saksførebuing og vedtaksoppfølging», og ser ho som mogleg case i eit revisjonsprosjekt med dette temaet.

I tillegg merker sekretariatet seg at usemje mellom Hardanger AKS og største eigar og oppdragsgjevar vert formidla via advokat. Dette kan gi grunnlag for å løfte eigarskapskontroll av heradet si eigarskapsforvaltning av Hardanger AKS AS framføre andre revisjonsprosjekt. Vidare informasjon kontrollutvalet får i saka vil kunne vere av relevans, jfr. brev frå ordførar der han skriv at han vil halde kontrollutvalet og heradsstyret informert om avklaringar mellom rådmannen og leiinga i Hardanger AKS.

Konklusjon

Kontrollutvalet bør ta saksframlegget og vedlegga i saka til orientering. Vidare bør kontrollutvalet gi uttrykk for at det ikkje går inn i einskilde forhold ved saksførebuinga til rådmannen sitt budsjettforslag til heradsstyret, men vise til plan for forvaltningsrevisjon, og notere seg saka som mogleg case i ein eventuell framtidig forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging. Deretter bør kontrollutvalet uttrykke at det registrerer at usemje mellom Hardanger AKS og Kvam herad om budsjettvedtak vert formidla via advokat, vise til plan for eigarskapskontroll, og notere seg dette som mogleg case i eventuell framtidig eigarskapskontroll. Til sist bør kontrollutvalet be ordførar og rådmann om å halde utvalet orientert via sekretariatet om vidare korrespondanse, møte og avklaringar i saka mellom Kvam herad og Hardanger AKS AS.

Kontrollutvalget i Kvam Herad
Ved utvalgsleder Trygve Vik

Sendt på e-post til:
trygvi@kvam.kommune.no
Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no
tornes@kvam.kommune.no
anhe@kvam.kommune.no

Vår referanse: 2418
Ansvarlig advokat: Dan Femoen
Dato: 13.01.2025

ANMODNING OM UNDERSØKELSE AV VEDTAK OG UTSATT IVERKSETTELSE

Innledning/Oppsummering

Undertegnede representerer Hardanger AKS. Under budsjettbehandlingen i Kvam heradstyre den 12. desember 2024, ble det i sak 130/24 vedtatt reduksjon av VTA (varig tilrettelagt arbeid)-plasser tilsvarende 1,6 årsverk.

Oppsummert anføres det at saksbehandlingen ikke har vært forsvarlig, da den er basert på uriktige/misvisende opplysninger. Videre anføres det at kommunenes reduksjon av VTA-plasser er i strid med gjeldende avtale mellom Hardanger AKS og Kvam Herad.

Vi anmoder kontrollutvalget om å foreta nærmere undersøkelser av vedtaket. Det anmodes om utsatt iverksetting av reduksjonen av VTA-plasser inntil kontrollutvalget har foretatt sine undersøkelser og heradsstyret eventuelt har fattet et nytt vedtak i saken.

Bakgrunn

Hardanger AKS er en vekst- og attføringsbedrift som tilbyr arbeidsplasser for personer med utviklingshemming eller andre som trenger hjelp til å finne sin vei i arbeidslivet. Bedriften tilbyr også arbeidstrening for folk som har falt ut av arbeidslivet på grunn av rus, psykiatri eller andre helsemessige årsaker.

Et kutt i VTA-plasser kan ha store konsekvenser for enkeltindivider, da VTA ofte er deres eneste mulighet til arbeid. Uten dette tilbudet kan de bli tapt for arbeidslivet.

Det er inngått avtaler mellom Kvam kommune og Hardanger AKS om medfinansiering av statlige VTA-plasser samt kjøp av egenfinansierte VTA-plasser. I 1991 ble det inngått avtale om kjøp av egenfinansierte VTA-plasser. Avtalen ble sist endret 26.1.2005 med varighet for 10 år. Avtalen har etter dette blitt videreført ved at Hardanger AKS har fakturert og levert VTA-plassene til Kvam Herad.

Det er viktig å understreke at statlige VTA-plasser ikke er ment som et kommunalt innsparingstiltak, men som et statlig initiativ for å hjelpe flere inn i arbeidslivet. Dersom



kommunen reduserer sitt bidrag, vil dette motvirke statens intensjon og samtidig redusere tilbudet til personer som har krav på et aktivitetstilbud.

I møtet den 12.12.24 hevdet helse- og omsorgssjefen, at det «ikke foreligger venteliste for VTA-plasser» og at «ingen vil stå uten en plass». Det anføres at dette ikke medfører riktighet. Ifølge NAV Kvam er det i dag en venteliste på 5- 6 søkere til VTA-plasser. I tillegg har Hardanger AKS venteliste på 2 søkere og Norheimsund videregående skole har 1 søker. Totalt er det p.t. ca. 7,5 søkere på ventelister. Det anføres videre at en annen konsekvens av budsjettvedtaket er at 2 personer som i dag går på arbeidsavklaringspenger (AAP) vil miste tilbudet om å få VTA-plass.

Hardanger AKS, som er direkte berørt av vedtaket, ble ikke på forhånd gjort kjent med rådmannens forslag, og fikk således ikke anledning til å uttale seg. Det fremstår også som at det ikke er innhentet nødvendig dokumentasjon fra andre relevante aktører som NAV og Kvam videregående skule.

Sakens rettslige side

Det anføres at partene, ved konkludent adferd, anses å ha forlenget avtalen av 26.01.2005 på ubestemt varighet, og på samme vilkår. En ensidig endring av avtalen gjennom et budsjettvedtak den 12.12.24 fra kommunens side, er dermed ikke tillatt. Dette vil være en saksbehandlingsfeil.

Videre er det et grunnprinsipp innenfor forvaltningsretten at saksbehandlingen skal være forsvarlig. I dette ligger det et krav om at avgjørelser skal treffes på et forsvarlig grunnlag.

Bestemmelsen i kommuneloven § 13-1 tredje ledd fastslår at kommunedirektøren «skal påse» at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet.

Vurderingen av kravet til forsvarlig utredning må gjøres ut fra en helhetsvurdering basert på presiseringene i andre punktum hvor det sies at utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak. Kommunedirektøren har altså ansvar for at fakta, eller faktaopplysningene i saken, er utredet på en tilstrekkelig måte.

Rådmannens forslag om innsparing innebærer en reduksjon av antallet kommunale plasser med 1,6. Dette synes å være basert på en feilaktig oppfatning av at de nye statlige plassene kan erstatte kommunens forpliktelser. En reduksjon i antallet kommunale plasser vil utgjøre et brudd på avtalen mellom Kvam Herad og Hardanger AKS.

Det anføres at det ikke er innhentet nødvendig og tilstrekkelig dokumentasjon i saken som skal kunne begrunne vedtaket. Saken er dermed ikke tilstrekkelig utredet, og det foreligger en saksbehandlingsfeil.

Det anføres at helse- og omsorgssjefen feilinformerte heradstyret i sak 130/24 i forbindelse med redegjørelsen av VTA-plasser. Politikere i heradsstyret har vært tydelige på at budsjettvedtaket ikke skulle få negative konsekvenser for brukerne av VTA-plasser. Feilinformasjonen kan ha påvirket innholdet i vedtaket.

Hvis kommunedirektøren blir oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold som har sentral betydning for gjennomføringen av vedtaket, skal kommunedirektøren gjøre det folkevalgte



organet oppmerksom på dette, jf. § 13-1 fjerde ledd. Heradsstyret må dermed få anledning til å vurdere de aktuelle forholdene og eventuelt endre vedtaket på bakgrunn dette.

Kontrollutvalget har som hovedoppgave å føre tilsyn med kommunens forvaltning. Det anmodes dermed om å foreta en nærmere undersøkelse av vedtak i sak 130/24.

Talet på mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde er 37,6 % i Kvam herad samanlikna med 36,1 % i kommunegruppa.

Miljøretta helsevern



Det blir i intervju peika på at miljøretta helsevern er eit stort og utfordrande område i Kvam herad, og det er ein risiko for at ein ikkje får utført arbeidet godt nok, inkludert gjennomføring av planlagde tilsyn.

I årsmelding frå 2022 blir det opplyst om at det har vore arbeidd lite med miljøretta helsevern i 2022, at nokre saker som er meldt inn er løyst, men at det ikkje har vore utført planlagde tilsyn på området. Det blir også vist til eit ynskje og behov for ein samarbeidsavtale med kompetansemiljø innan miljøretta helsevern med nabokommunar, men at det ikkje har vore konkret framdrift på område i 2022.

Eit tidlegare tilsyn av heradet sitt arbeid med tilsyn med miljøretta helsevern i barnehagar og skular i 2019 påpeika svikt i heradet si styring av arbeidet med tilsyn på området med risiko for helse og trivsel til barn i barnehagar og skuleelevar. Tilsynsmyndigheita har vurdert at tiltaka som heradet sette i verk etter tilsynet var tilstrekkelege.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande systematisk tilsynsverksemd
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet

Tenester til personar med nedsett funksjonsevne



Det blir framheva av fleire at dei opplever tenester til menneske med utviklingshemming som mangelfull og at pårørande i liten grad blir følgt opp av heradet. I budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 blir det vist til at det i heradet er vanskeleg å få nok avlastingsheimar for unge brukarar og at det er eit auka behov for brukarstyrt personleg assistent (BPA) og støttekontakt for menneske med nedsett funksjonsevne.

Det blir også stilt spørsmål ved om kvalitet i tenesta er tilfredsstillande i forsterka bufelleskap. Mellom anna blir det vist til utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse i forsterka bufelleskap, og at lokasjonane som blir nytta ikkje er eigna til å gi gode tenester for desse brukarane.

Det blir vidare peikt på at heradet har potensiale for betring når det gjeld samhandling i tenestene for denne brukargruppa.

Av tal frå Helsedirektoratet går det fram at det i 2021 og 2022 var høvesvis 12,7 % og 14,5 % av personar med psykisk utviklingshemming som har vedtak om dagaktivitetstilbod samanlikna med 33,4 % i 2021 og 2022 på landsbasis.

I Kvam herad sin habiliteringsplan (2020-2025) går det fram at heradet ikkje har ei total oversikt over brukarar med habiliteringsbehov. Det går vidare fram av årsmelding frå 2022 at det har vore ei auke i søknadar til avlastinga og at det grunna stort aldersspenn er utfordrande å planleggja og organisera gode tilbod.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande tilgang på bustadar
- Risiko for manglande samhandling
- Risiko for manglande dagaktivitetstilbod
- Risiko for manglande oppfølging av pårørande
- Risiko for utilstrekkeleg kvalitet i tenestene
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet

Legetilbod



I årsmelding frå 2022 blir det vist til at Kvam herad i mange år har hatt eit stabilt fastlegekorps, men at heradet no opplever utfordringar med å rekruttera nye fastlegar til ledige heimlar. Det blir mellom anna vist til at heradet ikkje har greidd å rekruttera ny lege til ledig heimel ved Helsebanken legekantor. Utfordringane med å få dekkja behovet har ført til auka ressursbruk på innleige av fastlegevikarar.

- Risiko for manglande tilgjenge av fastlegar
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet

Tal frå KOSTRA viser at det i 2020 og 2021 ikkje var pasientar på liste utan lege, men at dette bildet endra seg til høvesvis 8,5 % i 2022 og 6,8 % i 2023.

4.4 Plan og byggesak

Under eining for plan og byggesak ligg plan, byggesak, oppmåling og geodata og kommunegeolog.

Tabell 5: Identifiserte risikoområder knytt til plan og byggesak

Revisjonstema og identifiserte risikoar

Risiko- og vesentlegvurdering

Overordna planarbeid



I intervju blir det peika på utfordringar med planarbeidet i heradet, mellom anna at planar er for omfattande og manglar realisme. Samtidig blir det vist til at heradet har fleire utdaterte planar og manglande kopling mellom gjeldande planar og grunnlaget inn i budsjettarbeidet. Det blir også uttrykt bekymring for at temaplanar ikkje blir nytta aktivt som eit styringsverktøy, men i stor grad blir lagt til side etter dei er blitt vedtekne. Temaplanar blir det også uttrykt bekymring for at ikkje blir nytta aktivt som eit reiskap, men i stor grad blir lagt til side etter dei er blitt vedtekne.

- Risiko for manglande planar innan ulike tenestekområde
- Risiko for at planar ikkje blir nytta aktivt som styringsverktøy

Det blir også framheva av fleire at planarbeidet ofte tek for lang tid og at grunna at fleire vesentlege forhold endrar seg i langvarige planprosessar er planane nesten utdaterte når dei er ferdigstilt.

Plan- og byggesakshandsaming



I årsmelding frå 2022 går det fram at byggesaker i stor grad blir handsama i tråd med sakshandsamingsfristar i plan- og bygningslova, men at det er nokre avvik på enkelte byggesaker.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande kvalitet i tenesta

Tal rapportert frå heradet til KOSTRA viser at heradet si gjennomsnittlege sakshandsamingstid for byggesøknadar med 12 veker frist i 2023 var på 28 dagar (4 veker). I 2021 og 2022 var gjennomsnittleg sakshandsamingstid på høvesvis 66 og 60 dagar, altså under 12 veker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i byggesaker med 3 veker frist var i 2023 på 12 dagar.

Det blir i undersøkinga stilt spørsmål ved kva som er årsaka til at Kvam herad har mange dispensasjonssaker og enkelte uttrykker bekymring for

om dispensasjonar frå arealplan blir tilstrekkeleg følgt opp med tilsyn i etterkant. KOSTRA-tal viser 17,7 % av innvilga byggesøknadar i heradet i 2023 medførte vedtak om dispensasjon frå plan. Gjennomsnittet for samanliknbare kommunar i kommunegruppa same året var på 18,1 % av innvilga byggesøknadar.

Tilsyn og ulovlegheitsoppfølging



Det er fleire som i undersøkinga peiker på at Kvam herad ikkje gjennomfører lovpålagde tilsyn etter plan- og bygningslova. Det blir mellom anna peika på at heradet ikkje har naudsynt kompetanse og kapasitet til å gjennomføre slike tilsyn. Vidare blir det også stilt spørsmål ved om heradet i tilstrekkeleg grad gjennomfører ulovlegheitsoppfølging og om pålegg om utbetring blir følgt opp i praksis.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande oversikt over og utbetring av ulovlege tiltak
- Risiko for manglande kompetanse og kapasitet

KOSTRA-tal for 2023 viser at heradet gjennomførte tilsyn med totalt 8 byggesaker i 2023 og 1 ulovlegheitsoppfølging ved ikkje omsøkt byggeverksemd. Samanliknbare kommunar hadde same året i snitt 266 byggesaker med tilsyn og 35 ulovlegheitsoppfølgingar ved ikkje omsøkt byggeverksemd.

4.5 Samfunn, næring og kultur

Under eining for samfunn, næring og kultur, ligg bibliotek, næring, landbruk, kultur og kino, kulturskule og folkehelse.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til samfunn, næring og kultur

Revisjonstema og identifiserte risikoar

Risiko- og vesentlegvurdering

Kultur



Ifølgje KOSTRA-tal er netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av heradet si totale netto driftsutgifter på 3,8 % i 2022 og 3,9 % i 2023. Dette er relativt likt som gjennomsnittet for kommunegruppa (4,0 % i 2022 og 4,1 % i 2023).

- Risiko for manglande tilbod til barn og unge
- Risiko knytt til forvaltning og oppfølging av tilskotsmidlar

I spørjeundersøkinga blir det framheva at det i heradet manglar gode fritidstilbod og møteplassar for barn og unge. I budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 går det fram at kulturskulen har 470 elevplassar og 96 elevar på venteliste. Det blir også peika på utfordringar knytt til samarbeid og eit behov for auka ressursar for å leggja gode planar for samarbeid som sikrar god kvalitet og kontinuitet i kulturskuletilbodet.

I årsmeldinga frå 2022 blir det opplyst om at Kvam herad har deltatt på eit pilotprosjekt saman med Bufdir om ordninga med fritidskort. I intervju blir det peika på at dette i stor grad har vore ein suksess.

Det går fram av intervju at heradet gir mange tilskot til frivillige organisasjonar og lag. Vidare blir det vist til at, sjølv og heradet opplever å ha gode og system og rutinar for å følgje opp tilskot, er det fleire døme på manglande dokumentasjon for tilskot til kulturinitiativ.

4.6 Teknisk og informasjon

Teknisk og informasjon består av fellessekretariat, brann og redning, kommunalteknikk (renovasjon, VA, kommunale vegar og parkanlegg) og bygg og eigedom (forvaltning, drift og vedlikehald). Tekniske tenester og informasjon har også ansvar for informasjonstryggleik og arkivtenester.

Tabell 7: Identifiserte risikoområder knytt til teknisk og informasjon

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
Vatn og avløp (VAV)	
Det blir i undersøkinga vist til at heradet har eit stort etterslep når det gjeld fornying av vatn og avløpsrør, men at det dei siste åra har vore gjennomført fleire store prosjekt på område. I budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-2027 blir det peika på manglande personell til å gjennomføre og følgje opp kontroll av private avløpsanlegg og at det manglar ein plan for det systematiske arbeidet på dette område. Vidare blir det peika på risiko for at heradet ikkje klarer å gjennomføre nok prosjekt på VAV knytt til vedtekne politiske planar, som mellom anna skuldast omfang og manglande personell med kjennskap til kommunal infrastruktur. Når det gjeld overvatn blir det peika på at det i fleire område i heradet blir gjennomført saneringsprosjekt, men at det ofte er ei utfordring å få avklart om overvatn er eit kommunalt eller privat ansvar i det enkelte tilfelle. Nye krav frå EU i høve nytt avløpsdirektiv gjeldande frå 2027 kan medføre auka kostnader for heradet og ein risiko for omfattande investeringsbehov.	• Risiko for etterslep • Risiko for dårleg vasskvalitet • Risiko for manglande systematisk kontroll av private avløpsanlegg • Risiko for manglande vedtaksoppfølging • Risiko knytt til måloppnåing av FN sine berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet og nr. 6 om reint vatn og gode sanitærforhald
Informasjonstryggleik og personvern	
Det blir i undersøkinga peika på informasjonstryggleik og personvern som risikoområde. Det blir mellom anna stilt spørsmål om system og rutinar er på området er gode nok, og i intervju blir det vist til personvernsvik innan barneverntenesta der opplysningar blei sendt til feil mottakar. I risiko og vesentlegvurdering frå 2022 blir det peika på at heradet har utarbeidd ein strategi for informasjonstryggleik, men at det blir stilt spørsmål ved om målsettinga blir nådd og om strategien er tilstrekkeleg kjent og tatt i bruk.	• Risiko for regelbrot • Risiko for datainnbrot og tap av verdiar • Risiko for at personopplysningar kjem på avvege
Brann og redning	

Det blir peika på at det i 2022 har vore arbeidd med ei risiko- og sårbarheitsanalyse innan brann og redning og at funn tydar på fleire forbettringspunkt.

I budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 går det fram at det framleis skjer store endringar på området og at det mellom anna blir arbeidd med å oppdatere risiko-, førebyggjande-, og beredskapsanalyse og, sørge for at innsatsstyrken er kompetent, utrusta og får gjennomført tilstrekkeleg øvingar. Det blir også arbeidd med å følgje opp gjeldande brannordning og gjennomføre førebyggjande brannvern.

I intervju blir det vist til at brannsikring av kommunale bustader er ei utfordring i heradet og at det har vore tilløp til brann ved fleire høve.

- Risiko for manglande handtering av alvorlege hendingar

4.7 Kommunale føretak

Kommunale føretak er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Kvam herad eig det kommunale føretaket Kvammabadet KF.

Tabell 8: Identifiserte risikoområder knytt til kommunale føretak

Kommunale føretak	Risiko- og vesentlegvurdering
Kvammabadet KF	
Kvammabadet KF er eit selskap som står for drift av badeanlegg til skule og ålmenta. Seksjonen til Kvammabadet KF utgjer saman med tilstøytane seksjonar eigd av Hardangerbadet Eigedom AS og Almeland Eigedom AS, opplevingssenteret Hardangerbadet. Når bassenganlegget ikkje er nytta til kommunale føremål, kan Kvammabadet KF leige ut anlegget til kommersiell drift. I årsmelding for 2022 går det fram at årsrekneskapen til Kvammabadet KF blei gjort opp med eit underskot på kr. 1 000 000 i 2021. I undersøkinga blir det peikt på at Kvammabadet KF har gått med underskot dei påfølgjande åra. I årsmeldinga for 2022 blir det peikt på at samarbeids- og driftsavtalen med Hardangerbadet AS og Hardangerbadet stadfestar i pkt. 6.3 i avtalen at dersom KF sin del av billettinntektene ikkje dekker KF sine kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen det aktuelle året, skal Hardangerbadet kvart år dekke det resterande etter påkrav frå Kvammabadet KF. I undersøkinga blir det derimot trekt fram at det er ei klar forventning frå eigarane av Hardangerbadet om at heradet skal dekke opp for underskot slik at årsrekneskapen til Kvammabadet KF skal gå i null. Kvammabadet KF har også eit viktig samfunnsansvar i arbeidet med å initiere fysisk aktivitet blant innbyggjarane og førebygge utanforskap gjennom aktivitet.	 • Risiko knytt til system og rutinar for økonomistyring • Risiko for manglande etterleving av samarbeids- og driftsavtale • Risiko knytt til system og rutinar for eigarskapsforvaltning • Risiko knytt til rapportering frå selskap

5 Risiko i heradet si eigarstyring og selskap

5.1 Innleiing

Basert på innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet samanfatta og vurdere risiko knytt til heradet sin **eigarstyring** og i heradet sine **selskap**.

For å undersøka heradet sin **eigarstyring** blir det gjennomført **eigarskapskontroll**. Fokus er på heradet si forvaltning av eigarskapet (eitt eller fleire). Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styremedlemmar, opplæring av styremedlemmar og rapportering til heradsstyret. Selskap som er omfatta av eigarskapskontroll er AS, IKS, kommunalt oppgåvefelleskap (KO) og samvirkeforetak (SA).

Dersom det er behov for å gjere nærare undersøking av sjølve selskapet kan det også gjennomførast **forvaltningsrevisjon** av selskapet. Då vil ein kunne gjennomføre forvaltningsrevisjon av selskapet si drift og tenester, til dømes om selskapet driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. Det er også mogleg å kombinere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap i ei og same undersøking. Figuren under gir ein illustrasjon av dei to formene for kontroll.

Figur 3 Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap



I 5.2 blir det gitt ei oversikt over alle selskap heradet har eigarinteresser i. Vidare vil vi i 5.3 beskriva konkrete risikoområde knytt til heradet si eigarstyring og i heradet sine selskap, basert på innhenta data og oversikta over alle selskap i 5.2. Vurderinga av konkrete risikoområde i 5.3 er basert på påvist risiko gjennom intervju eller andre data, samt tema knytt til eigarstyringa, eller selskap, som enno ikkje er undersøkt i Kvam herad. I tillegg er det andre element av risiko og vesentlegheit som er teke med i vurderinga, mellom anna knytt til storleik på eigarandel, økonomi og føremål med selskapet. Desse elementa går fram av dei tre kolonnane lengst til høgre i tabellen i 5.2 og kan oppsummerast slik:

- Heileigde selskap**, eller selskap der Kvam herad har ein vesentleg eigardel
- Økonomisk risikoscore** – score basert på vurdering av tal for siste års inntening, soliditet, likviditet og effektivitet
- Økonomisk verdiskaping** - selskap som forvaltar vesentlege økonomiske verdier og/eller som kan gi økonomisk gevinst (utbyttmoglegheit) eller har tapspotensiale for heradet

- **Tenestetilbod til utsette brukargrupper** – til dømes VTA-bedrifter (varig tilrettelagt arbeid) og arbeidstreningsverksemder som tilbyr arbeidsplass til ei sårbar gruppe
- **Utviklingsarbeid** - selskap som driv med utviklingsarbeid for å bidra til å nå viktige kommunale målsetjingar, til dømes knytt til
 - o bustadtilbod
 - o helse
 - o ansvarleg forbruk og produksjon
 - o klima og/eller berekraft
 - o infrastruktur
 - o næringsliv
 - o innovasjon
- **Samfunnskritiske tenester** - selskap som tilbyr samfunnskritiske tenester direkte til innbyggjarane, til dømes innan vatn, renovasjon og avløp (VAR), energi eller brann og redning

I alle heradet sine eigarskap, enten delen er stor eller liten, ligg det ein potensiell omdømmerisiko dersom selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar. Det same gjeld dersom heradet sitt eigarskap ikkje blir ivareteke i samsvar med anerkjente prinsipp for god eigarstyring.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og vurderingane er basert på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdera risiko knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er difor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølge for forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i dei planane som blir lagt fram for heradsstyret.

Det må takast atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i heradet eller i selskapa det gjeld.

5.2 Oversikt over heradet sine eigarskap

Kvam herad har eitt heileigd selskap, eigarinteresser i fire selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og eigarinteresser i fem selskap der det også er private og/eller statlege eigarar. Heileigde og deleigde selskap saman med andre kommunar kjem inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Desse selskapa har Kvam herad full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av.

Selskap heradet eig saman med andre ikkje-kommunale aktørar kjem ikkje inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardelar eller samvirkeforetak. Det kan gjennomførast eigarskapskontroll av slike selskap (sidan dette handlar om heradet sin forvaltning), men for å gjera forvaltningsrevisjon som krev innsyn i selskapet må dette skje ved at styret i selskapet samtykkjer til innsyn.

Tabellen under gir ei oversikt over selskapa heradet har eigarskap i, med informasjon om bransjen selskapet er ein del av, selskapet sitt føremål og heradet sine mål med eigarskapet, heradet sin eigardel, vurdert økonomisk risikoscore og aktuelle nøkkelpunkt som seier noko om ibuande risiko og vesentlegheit. Talgrunnlaget for risikoscoren, samt utfyllande informasjon om selskapa ligg i eigne tabellar i vedlegg 1.

Tabell 9 Oversikt over selskapa heradet eig eller har eigardelar i

Selskap	Bransje	Føremål/mål med eigarskap ²	Eigar-del	Økonomisk risikoscore ³	Annan aktuell risiko
Kvam Energi AS	Energiforsyning	Forvaltar store økonomiske verdier i tillegg til generell samfunnsnytte, arbeidsplassar og beredskap lokalt.	100 %	3,91	• Heileigd selskap • Samfunnskritiske tenester • Økonomisk verdiskaping
Hardanger AKS AS	Arbeidsinkludering	Hardanger AKS er ei kompetanseverksemd der arbeidsinkludering og opplæring er den primære målsettinga. Verksemda skal bidra til å auke opplevinga av eigen livskvalitet for alle tilsette og skape eit inkluderande miljø for læring og kvalifisering gjennom målretta- og metodisk rettleiing, deltaking og opplæring innan produksjon av varer og tenester. Verksemda skal styrke den enkelte sin moglegheit i det ordinære arbeidslivet, og skape varige arbeidsplassar for dei som ikkje kan gjera seg nytte av ordinære arbeidstilbod.	48,1 %	3,75	• Tenestetilbod til utsette brukargrupper
Hardangerrådet IKS	Politisk samarbeid	Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.	34 %	3,60	• Utviklingsarbeid
Visit Hardangerfjord AS	Turisme	Selskapet samordnar reiselivsmarknadsføring i Hardangerregionen og gjennomfører tiltak som kan bidra til å styrke reiselivsnæringa i regionen.	6,89 %	2,42	• Utviklingsarbeid
Vann Vest AS	Vatn og avlaup	Kompetansesenter for vass- og avlaupstenester, med tenester og produkt som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analyseverksemd, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsverksemd.	4,34 %	3,10	• Samfunnskritiske tenester
Hardanger og Voss Næringshage AS	Næringsutvikling	Fremja næringsutvikling og vekst i regionen.	4,19 %	3,86	• Utviklingsarbeid

² Ein del selskap har lange føremål. For desse gir tabellen ei kort versjon, medan føremål slik det kjem fram i eigarskapsmeldinga er å finne i tabellane med meir informasjon om selskapet i vedlegg 1.

³ Skala frå 1-5, der 1 er lågaste mogelege poengsum og 5 er høgaste mogelege poengsum.

Interkommunalt arkiv i Hordaland ISK	Arkivtenester	Samarbeid med andre kommunar for å sikra at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6	3,63 %	NA	• Samfunnskritiske tenester
Eviny AS	Energiproduksjon	Produksjon, overføring, distribusjon og omsetting av energi samt annan verksemd knytt til desse områda.	0,9 %	4,22	• Samfunnskritiske tenester • Økonomisk verdiskaping
BIR AS	Renovasjons-selskap	Kvam heradsstyre vedtok i sept. 2003 at Kvam skulle gå inn som medlem i BIR (sak 032/04), HST- 095/03. Hovudføremålet er politisk då BIR AS utfører heradet si lovpålagte innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall, samt produksjons-, nærings- og spesialavfall.	0,33 %	3,49	• Samfunnskritiske tenester
Kommunekraft AS	Handel med elektrisitet	Formidle aksjeeigarane si disponible kraft, som konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	0,313	-	• Økonomisk verdiskaping
E134 Haukelivegen AS	Infrastruktur	Arbeider for å fremja Hordalandsdiagonalen, og få ei løysing som gjev stort mogleg nytte for Kvam.	0,02 %	3,84	• Utviklingsarbeid
Biblioteksentralen SA	Bibliotektenester	Er eit serviceorgan for offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.	0,002 %	-	• Tenester til innbyggjarar
LL Det norske Teateret	Kunst og kultur	Å fremja nynorsk.	-	-	• Utviklingsarbeid
Tørvikbygd vasslag SA	Distribusjon av vatn	Leveranse av vatn til kommunale institusjonar i Tørvikbygd	-	-	• Samfunnskritiske tenester
Vikøy vasslag SA	Distribusjon av vatn	Leveranse av vatn til kommunale funksjonar i Vikøy	-	-	• Samfunnskritiske tenester

5.3 Oversikt over identifiserte risikoområde knytt til heradet sine eigarskap og i selskapa

I Kvam herad er det rådmannen som har ansvaret for den løypande administrative oppfølginga av heradet sitt eigarskap. Heradsstyret vedtek heradet sin eigarpolitikk gjennom at dei mellom anna handsamar eigarmelding, vedtar eigarstrategiar og utpeiker styremedlemmar.. Formannsskapet innstiller til heradsstyret i saker som handlar om heradet som eigar og gjennomfører eigarmøte med selskap og føretak. Heradet har ei eigarmelding for 2020-2023, vedtatt av heradsstyret i 2020, samt ein eigarstrategi 2023-2024, vedteke av heradsstyret 09.12.2022.

Under presenterer vi vurderingane der det er risiko for at heradet ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der heradet har eigarinteresser. I tillegg blir det kommentert om det er identifisert risiko knytt til einskilde selskap.

Tabell 10: Identifiserte risikoområde i kommunens eigarskapsforvaltning og i heradet sine selskap

Område/selskap og identifiserte risiko	Risiko- og vesentlighetsvurdering
Overordna eigarskapsforvaltning i Kvam herad (eigarskapskontroll) Kvam herad skal i samsvar med kommunelova § 26-1 utarbeide ei eigarskapsmelding. Heradet si eigarmelding blei utarbeidd i 2020, og her kjem det fram informasjon om Kvam sine eigarskap i aksjeselskap, interkommunale selskap, stiftingar og andre organisasjonar. Undersøkinga viser at svak eigarstyring er eit av risikoområda i kommunen. I ein overordna eigarskapskontroll av heradet si eigarskapsforvaltning kan det vere aktuelt å sjå på fleire område: • Prosedyrar og rutinar for utarbeiding av eigarskapsmelding og eigarstrategi • Prosedyrar og rutinar for val av styremedlemmer i selskap heradet har eigarinteresse i • Etikk, habilitet og antikorrupsjon • Kommunikasjon og dialog mellom kommunen som eigar og selskapa • Rapportering om kommunens eigarskap til folkevalde organ • Prosedyrar og rutinar for utbetaling av utbytte • Samfunnsansvar, klima og berekraft	 • Risiko for manglande system og rutinar for utarbeiding av eigarstrategiar • Risiko for manglande system og rutinar for oppfølging av eigarskap • Risiko for manglande system og rutinar for rapportering til folkevalde organ
Hardanger AKS (Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon) Hardanger AKS er ei kompetanseverksemd som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av selskapet i 2016. Av revisjonen blei det avdekka fleire avvik, mellom anna at Kvam herad ikkje hadde hatt ei tydeleg og formell eigaroppfølging av selskapet. Vidare blei det avdekka ein rekke manglar nytt til internkontroll i selskapet. I intervju blir det påpeikt at det hadde vore nyttig med ei oppfølging av revisjonen ettersom avvika som var avdekka var alvorlege.	 • Risiko for manglande system og rutinar for eigarskapsforvaltning • Risiko for manglande rapportering frå selskap • Risiko for manglande oppfølging av mål og krav • Risiko for manglande system og rutinar for val av styre • Internkontroll i selskapet

I undersøkinga blir det understrekt at Kvam har tatt tak i utfordringane knytt til Hardangar AKS, og at heradet har jamlege eigarmøte med selskapet.

Kvam Energi AS (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)



Kvam energi driv med energiforsyning og energiøkonomisering. Dette betyr at selskapet produserer energi, kjøper og sel energi, eig og driv overføringsanlegg og syter for ei rasjonell og sikker energiforsyning.

Det er ikkje framheva særskilte risikoar knytt til selskapet i undersøkinga, men selskapet driv samfunnskritisk infrastruktur og er heileigd av kommunen. Det blir likevel stilt spørsmål ved om korleis heradet følgjer opp sitt eigarskap på bakgrunn av manglande oppfølging av egne rutinar i selskapet.

- Risiko for manglande system og rutinar for eigarskapsforvaltning
- Risiko for manglande rapportering frå selskap
- Risiko for manglande oppfølging av mål og krav
- Risiko for manglande system og rutinar for val av styre
- Internkontroll i selskapet

Selskapet har også eit viktig samfunnsansvar i arbeidet mot eit meir klimavenleg og berekraftig samfunn.



6 Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i Kvam herad.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under. Prosjekta under er delt mellom dei som er vurdert med høg risiko (raude) og dei som er vurdert med middels risiko (gule). Det er ikkje gjort noko prioritering innbyrdes mellom desse.

6.1 Oversikt over prosjekt med høg risiko (raude)

Tabell 11: Prosjekter med høg risiko (raude)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Internkontroll	- Risikovurderingar i tenestene - Praksis knytt til melding av avvik og oppfølging av avvik - Kompetanse om HMT-arbeid
Saksførebuing og vedtaksoppfølging	- Kvalitet i saksførebuinga - Iverksetting og oppfølging av politiske vedtak - Samhandling mellom politisk og administrativt nivå
Anskaffingar og kontraktsoppfølging	System, rutinar og praksis knytt til anskaffingar og kontraktsoppfølging
Tilpassa opplæring og spesialundervisning	- Vedtak om og gjennomføring av spesialundervisning - Arbeid med tilpassa opplæring og tidleg innsats
Samhandling mellom tenester retta mot barn og unge	- System og rutinar for samarbeid mellom ulike tenester - Kapasitet og kompetanse - Tidsriktig hjelp - Førebyggjande tiltak - Plikt til å melde frå til barnevernet (meldeplikt)
Trygt og godt skulemiljø for elevar og tilsette	- Skulemiljø - Vald og truslar mot elevar og tilsette
Barnevern	- Kvalitet i tenestene - Førebyggjande arbeid - Sakshandsaming - Oppfølging av bekymringsmeldingar
Helsestasjon og skulehelsetenesta	- Tilgjenge - Samhandling mellom tenester

Vedtakspraksis i forvaltningseininga	• Innhold i vedtak • Oppfølging av vedtak • Samhandling mellom tenester
Pleie og omsorg	• Kvalitet i omsorgstenestene • Bemanning • System og rutinar
Psykisk helse og rustenester	• Tilbod til personer med psykisk helse og rustenester • Førebyggjande tiltak • Samhandling mellom tenester
Tenester til personar med nedsett funksjonsevne	• Tilgang på bustadar • Samhandling mellom tenester • Dagaktivitetstilbod • Kvalitet i tenestene • Oppfølging av pårørande
Tilsyn og ulovligheitsoppfølging	• Gjennomføring av tilsyn og ulovligheitsoppfølgingar • Oversikt over og utbetring av ulovlege tiltak
Informasjonstryggleik og personvern	• Kompetanse om informasjonstryggleik og personvern
Kvammabadet KF	• System og rutinar for økonomistyring • Etterleving av samarbeids- og driftsavtale
Hardanger AKS	• Internkontroll • Styring og drift av selskapet • Organisering
Kvam energi AS	• Internkontroll • Styring og drift av selskapet • Organisering

6.2 Oversikt over prosjekt med middels risiko (gul)

Tabell 12: Prosjekt med middels risiko (gul)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Berekraft, klima og miljø	• Risiko for manglande etterleving av FN sine berekraftsmål • Klimarisiko • Klimabudsjett og -rekneskap
Kunstig intelligens	• Opplæring og forsvarleg bruk av kunstig intelligens • Effektivitetsgevinstar ved bruk av kunstig intelligens
Styring av investeringsprosjekt	• Kompetanse og kapasitet • Prosjektstyring • Kontraktsoppfølging

Økonomistyring	• Budsjettmodell • Utarbeiding av prognosar • Økonomirapportering
Bemanning og sjukefråvær	• Kompetanse • Kvalitet i tenestene • Arbeidsmiljø og arbeid med HMT • Oppfølging av sjukefråvær
Kommunal beredskap	• Handtering av alvorlege hendingar • Risiko- og sårbarheitsanalyse
Trygt og godt barnehagemiljø (psykososialt barnehagemiljø)	• Førebyggjande arbeid og nulltoleranse for krenkingar • Aktivitetsplikt • Foreldresamarbeid
Flyktningtenester og integrering	• Integrering og oppfølging av flyktningar • Gjennomføring av introduksjonsprogram • Arbeidsretta oppfølging
Sosiale tenester i NAV	• Oppfølging av brukarar • Informasjon, råd og rettleiing • Arbeidsretta oppfølging • Kvalifiseringsprogram (KVP) • Sosialhjelp
Miljøretta helsevern	• Gjennomføring av tilsyn • Risiko- og sårbaheitsanalyse
Legetilbod	• Rekruttering av fastlegar • System og rutinar for innleige av fastlegarvikarar
Overordna planarbeid	• Omfang og samanheng mellom planar • Plansystem
Plan- og byggesakshandsaming	• Kvalitet i tenesta • Innbyggjarservice
Kultur	• Kulturtilbod • Tilskotsforvaltning
Vatn og avløp (VAV)	• Etterslep • Vasskvalitet • Systematisk kontroll av private avløpsanlegg • Vedtaksetterleving
Brann og redning	• Risiko- og sårbarheitsanalyse • Førebyggjande arbeid • Brannsikring

6.3 Oversikt over prosjekt eigarskapskontroll

Tabell 13: Eigarskapskontroll

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Overordna eigarskapsforvaltning i Kvam herad	• Eigarstrategi for heradet sine eigarskap • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • System og rutinar for rapportering
Hardanger AKS	• Risiko for manglande system og rutinar for eigarskapsforvaltning • Risiko for manglande rapportering frå selskap • Risiko for manglande oppfølging av mål og krav • Risiko for manglande system og rutinar for val av styre
Kvam Energi AS	• Risiko for manglande system og rutinar for eigarskapsforvaltning • Risiko for manglande rapportering frå selskap • Risiko for manglande oppfølging av mål og krav • Risiko for manglande system og rutinar for val av styre

Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal

Selskap der heradet har full innsynsrett

Selskapa som er presentert i tabellane under er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av heradet eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Kvam herad full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av. Informasjonen er i hovudsak henta frå Dun & Bradstreet Smartcheck, proff.no og heradet sin selskapsoversikt, som er eit vedlegg frå Eigarskapsstrategien 2023-2024.

Kvam Energi AS						
Eigarar	Kvam herad – 100%					
Selskapet sitt føremål	Eige selskap som driv innan energiforsyning og energiøkonomisering, under dette mellom anna: a) produksjon av energi b) kjøp og sal av energi c) eige og drive overføringsanlegg og syte for ei rasjonell og sikker energiforsyning d) stimulere til gjennomføring av ENØK-tiltak e) anna verksemd som naturleg har tilknytning til ovannemnde føremål og som kan gje inntekter f) utføre det lokale e-tilsynet g) delta i eller samarbeide med andre verksemdar som har same eller liknande føremål.					
Informasjon om selskapet	Kvam Energi AS vart stifta i 2019. Kvam Kraftverk AS og Kvam Energi Nett AS er heileigde dotterselskap til Kvam Energi AS.					
Mål med heradet sitt eigarskap	Forvalta store økonomiske verdier i tillegg til generell samfunnsnytte, arbeidsplassar og beredskap lokalt.					
Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018	
Totalinntekt	431 249	219 111	101 870	37 483	0	
Driftsresultat	72 423	28 700	15 986	4 221	0	
Årsresultat	52 256	19 402	10 022	2 369	0	
Eigenkapital	172 090	140 834	130 432	128 389	0	
Gjeld	289 042	264 000	238 696	203 002	0	
Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	5,00	4,57	3,00	3,40	3,91
	Lang sikt	4,75	4,67	2,00	2,20	
	Score	4,80	4,60	2,80	2,50	

Hardangerrådet IKS

Eigarar Kvam herad – 34 %

Andre eigarar: Eidfjord, Ulvik, Ullensvang

Selskapet sitt føremål Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Informasjon om selskapet Hardangerrådet IKS er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr. 6. Ny selskapsavtale er godkjent pr 22.10.2020 med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik.

Mål med heradet sitt eigarskap Hardangerrådet arbeider med 3 hovudoppgåver:

1. Politisk samordning Vera pådrivar og oppfølgjar overfor overordna styresmakter. Gje felles fråsegner på vegner av kommunane.
2. Fagleg samarbeid Styrkja identiteten i Hardanger og utvikla samarbeidsformer mellom kommunane der næring, skule og kultur er sentrale områder.
3. Team Hardanger – etablerarteneste og næringsutvikling. Hardangerrådet har partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune. Del av arbeidet er nettverksbyggjar for dette arbeidet. Sjølve etablerertenesta har kommunane/herada i Hardanger sjølve ansvar for, og kommunane sine kontaktpersonar ilag med Næringsshagen i Ullensvang, Næringsshagen i Hardanger og Visit Hardangerfjord utgjør Team Hardanger.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	3 566	3 554	3 055	3 759	3 486
Driftsresultat	-403	-278	-8	111	-185
Årsresultat	-392	-271	4	131	143
Eigenkapital	2 379	2 771	3 050	3 046	2 915
Gjeld	5 008	4 302	3 674	5 766	7 097

Økonomisk risikoenalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,00	4,57	5,00	1,60	3,60
	Lang sikt	2,00	4,67	5,00	1,80	
	Score	1,80	4,60	5,00	1,75	

Vann Vest AS

Eigarar Kvam herad – 4,34%

Andre eigarar: 29 ulike eigarkommunar (inkludert Kvam herad).

Selskapet sitt føremål	Samarbeidsorganisasjon for eigarane. Selskapet skal fremje samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilrettelegge for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksemd. Selskapet skal utføre og formidle tenester, knytt til vatn- og avløpsverksemd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vatnmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med eller delta i andre føretak i den grad dette er føremålstenleg.					
Informasjon om selskapet	Eit kommunalt eigd aksjeselskap, som vart stifta i desember 2019.					
Mål med heradet sitt eigarskap	Delta i eit kompetansesenter for vass- og avlaupstenester, med tenester og produkt som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analyseverksemd, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsverksemd.					
Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018	
Totalinntekt	13 430	10 962	60	0	0	
Driftsresultat	620	376	-444	0	0	
Årsresultat	623	378	-444	0	0	
Eigenkapital	686	43	-345	74	0	
Gjeld	7 197	6 494	1 383	499	0	
Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	5,00	2,14	5,00	2,80	3,10
	Lang sikt	2,00	1,00	5,00	2,80	
	Score	2,60	1,80	5,00	2,80	

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Eigarar Kvam herad – 3,63%

Andre eigarar: Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Bjørnafjorden, Osterøy, Samanger, Stord, Sveio, Tysnes, Ulvik, Vaksdal og Voss.

Selskapet sitt føremål 1. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6. 2. Selskapet skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv, utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane, lokale kurs om arkivfaglege emne, tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv, rettleiing om arkivfaglege spørsmål, rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv. Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene

for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte. 3. Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv, jf. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6.

Informasjon om selskapet Samarbeidet vart skipa i 1987 og har frå 2020 hatt 24 eigarar. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at verdfullt arkivmateriale i eigarkommunane blir teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid.

Mål med heradet sitt eigarskap Samarbeid med andre kommunar for å sikra at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentlig verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6

BIR AS

Eigarar Kvam herad – 0,33%

Andre eigarar: Bergen, Askøy, Bjørnafjorden, Osterøy, Øygarden, Vaksdal, Samnanger

Selskapet sitt føremål Å eige og forvalte selskap som skal sørge for innsamling, transport og behandling av hushaldnings- og næringsavfall. Selskapet kan òg etablere innsamling, transport og behandling av produksjons-, nærings- og farleg avfall. Selskapet kan også ta på seg alle oppgåver som naturleg høyrer saman med dei oppgåvene som er nemnde i første avsnitt. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar eller delta i andre føretak dersom dette er føremålstenleg for å oppfylle formålet. Ved framtidige vedtak om avfallsbehandlingsmetode og tilhøyrande anlegg vil vertskommunen (aksjeeigarane) vere det avgjerande organet i samsvar med plan- og bygningslova sitt regelverk.

Informasjon om selskapet BIR AS er eitt av Noregs største renovasjonsselskap og ansvarleg for avfallshandtering til over 383 000 innbyggjarar i 10 kommunar.

Mål med heradet sitt eigarskap Kvam heradsstyre vedtok i sept. 2003 at Kvam skulle gå inn som medlem i BIR (sak 032/04), HST- 095/03. Hovudføremålet er politisk då BIR AS utfører kommunen si lovpålagte til innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall, samt produksjons-, nærings- og spesialavfall

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	1 157 227	983 866	844 109	1 013 302	782 554
Driftsresultat	153 155	151 313	52 069	257 405	95 048
Årsresultat	121 469	116 282	-444	216 103	67 866
Eigenkapital	518 753	457 712	394 454	394 336	372 019
Gjeld	2 940 590	2 833 461	2 562 562	2 353 683	2 333 217

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	4,25	3,71	2,75	2,20	3,49
	Lang sikt	4,00	4,00	4,00	2,40	
	Score	4,05	3,80	3,00	2,35	

Selskap der kommunen ikkje har full innsynsrett

Selskap som er presentert i tabellane under er selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardelar eller samvirkeføretak. Informasjonen er i hovudsak henta frå Dun & Bradstreet Smartcheck, proff.no og heradet sin selskapsoversikt, som er eit vedlegg frå Eigarskapsstrategien 2023-2024.

Hardanger AKS AS

Eigarar Kvam herad – 48,1%

Andre eigarar: Vestland fylkeskommune, Samnanger kommune Kvam og Jondal NFU

Selskapet sitt føremål Hardanger AKS er ei kompetanseverksemd der arbeidsinkludering og opplæring er den primære målsettinga. Verksemda skal bidra til å auke opplevinga av eigen livskvalitet for alle tilsette og skape eit inkluderande miljø for læring og kvalifisering gjennom målretta- og metodisk rettleiing, deltaking og opplæring innan produksjon av varer og tenester. Verksemda skal styrke den enkelte sin moglegheit i det ordinære arbeidslivet, og skape varige arbeidsplassar for dei som ikkje kan gjera seg nytte av ordinære arbeidstilbod.

Informasjon om selskapet Selskapet vart stifta i 1995. Hardanger AKS tilbyr mellom anna vaskeri- og renseritenester, kafé og catering og produserer og sel ulike treprodukt. Alle som arbeider på Hardanger AKS får hjelp og støtte til sjølvutvikling under trygge rammer.

Mål med heradet sitt eigarskap Kvam herad ynskjer å vera ein stor aksjeeigar for å aktivt kunna påverka utvikling og aktivitet i selskapet. Frå HST-022/15, 24.03.15: 1. Formål og overordna rammer a) Kvam herad ynskjer å vera med å styra utviklinga i Hardanger AKS as fordi selskapet er ei viktig verksemd for heradet. b) Verksemda skal gje innbyggjarar som treng tilpassa arbeidsplassar eit godt og meningsfylt tilbod. Verksemda skal vera ei bru over til arbeidslivet slik at flest mogelege kan ha eit godt arbeid til glede og nytte for seg sjølv og samfunnet. c) Hardanger AKS skal ha ei demokratisk forankring i eigarkommunane. d) Hardanger AKS skal vera sikra nødvendige verkemiddel og legitimitet for å kunna utføra sitt oppdrag. Rammevilkår gitt av eigar skal vera trygge og langsiktige.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	20 632	18 849	17 100	16 681	15 990
Driftsresultat	327	608	622	1 113	271
Årsresultat	59	322	153	402	-436
Eigenkapital	7 619	7 560	437	284	-118
Gjeld	7 995	7 816	14 309	14 329	14 761

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	2,75	4,57	4,00	3,00	3,75
	Lang sikt	3,25	4,33	3,50	2,80	
	Score	3,15	4,50	3,90	2,85	

Visit Hardangerfjord AS

Eigarar Kvam herad – 6,89%

Andre eigarar: Ullensvang, Ulvik, Eidfjord.

Resterande 148 eigarane: 60,2%.

Selskapet sitt føremål Som konsulent på tilskots- og konsulentbasis å samordne all marknadsføring i Hardangerregionen og tiltak som kan bidra til å styrke reiselivsnæringa i regionen. Målet til selskapet er vidare på vanlege vilkår å utføre oppdrag for verksemdar og andre når det gjeld marknadsføring og reklameretta verksemd, produktutvikling mv., samt å delta i forretningsretta verksemd relatert til reiseliv.

Informasjon om selskapet Visit Hardangerfjord er eit destinasjonsselskap som marknadsfører Hardanger-regionen med kommunane Kvam, Eidfjord, Ulvik, Ullensvang og Kvinnherad.

Mål med heradet sitt eigarskap Bruke selskapet til å samordne reiselivsmarknadsføring i Hardangerregionen og gjennomføre tiltak som kan vera med på styrke reiselivsnæringa i regionen.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	7 061	6 404	7 206	6 638	4 891
Driftsresultat	-917	76	613	-37	-190
Årsresultat	-914	79	615	-36	-180
